



## Årsmelding 2013



# Lom

Gjestfri og nyskapande

### Innhaldet i årsmelding 2013:

Innleiing	3
Ordføraren sine kommentarar	6
Administrasjonssjefen si vurdering	7
Politisk organisering og saker	8
Personal og organisasjon	9
Økonomisk oversyn	12
Oversikt frå tenesteområda	20
Notar til rekneskapen	57
Revisjonsmelding	79

Lom kommune  
Sognefjellsvegen 6  
2686 Lom  
Telefon: 6121 7300  
Epost: [post@lom.kommune.no](mailto:post@lom.kommune.no)  
<http://www.lom.kommune.no>



# Årsmelding 2013

## Lom kommune

<b>1.</b>	<b>Innleiing</b>	<b>3</b>	<b>Notar til rekneskapen</b>	<b>57</b>
1.1	Nokre fakta om Lom	3	Note 1 Prinsipp for rekneskapen	57
1.2	Om året 2013	3	Note 2 Endring i arbeidskapital	58
1.3	Hendingar og utviklingstrekk	4	Note 3 Pensjon	58
<b>2.</b>	<b>Leiarane om året 2013</b>	<b>6</b>	Note 4 Kommunen sitt garantiansvar	59
2.1	Ordførar Bjarne Eiolf Holø	6	Note 5 Aksjar og andelar i varig eige	60
2.2	Administrasjonssjefen si vurdering	7	Note 6 Avsetning og bruk av fond	60
<b>3.</b>	<b>Politisk organisering og saker</b>	<b>8</b>	Note 7 Kapitalkonto	61
3.1	Saker og utval	8	Note 8 Interkommunalt samarbeid	62
3.2	Kontrollutvalet	8	Note 9 Spesifikasjon av vesentlege postar	62
3.3	Budsjettutvalet	8	Note 10 Spesifikasjon av vesentlege transaksjonar	62
3.4	Saksutval for samhandlingsreforma	8	Note 11 Anleggsmidlar	63
<b>4.</b>	<b>Personal og organisasjon</b>	<b>8</b>	Note 12 Finansiering av prosjekt	63
4.1	Administrativ organisering	8	Note 12B Totaloversikt prosjekt 42210 - Utgard	66
4.2	Tilsette	9	Note 13 Lånegjeld	66
4.3	Likestilling	9	Note 14 Langsiktig gjeld	67
4.4	Sjukefråvær	9	Note 15 Meir- eller mindreforbruk	68
4.5	Seniorpolitisk plan	10	Note 16 Spesifikasjon av vesentlege forpliktingar	68
4.6	Verneombod og tillitsvalde	10	Note 17 Tilhøve ved slutten av året	68
<b>5.</b>	<b>Økonomisk oversyn</b>	<b>11</b>	Note 18 Konto for skattetrekk	68
5.1	Økonomi	11	Note 19 Kyrkjeleg råd - økonomiske tilhøve	68
5.2	Finansiell rapport	<b>12</b>	Note 20 Årsverk og løn og godtgjersle	69
5.3	Det totale målekartet	12	Note 21 Tap og tapsavsettingar på kommunale krav	69
<b>6.</b>	<b>Oversikt frå tenesteområda</b>	<b>16</b>	Note 22 Netto driftsresultat	70
6.1	Staben til administrasjonssjefen	16	Note 23 Finansiell leasing	70
6.2	Støttefunksjonen	19	Note 24 Avviksforklaring	71
6.3	Loar skule	<b>20</b>	Note 25 Sjølvkostområdet	72
6.4	Garmo oppvekstsenter	20	Note 26 Disposisjonsfondet	73
6.5	Lom ungdomsskule	23	Note 27 Kraftfondet	73
6.6	Loar barnehage	27	Note 28 Heimfallsfondet	75
6.7	Miljø, teknisk, næring	30	Note 29 Kapitalfondet	75
6.8	Helse og velferd	33	Note 30 Avskrivings skjema	75
6.9	Institusjonsbasert omsorg	36	Note 31 Mindre/meir forbruk i investeringsrekneskapen	78
6.10	Heimebasert omsorg	39	Note 32 Oversikt over skatteinngangen	78
		44		
		50	<b>Revisjonsmelding</b>	<b>79</b>
		53		

## 1. Innleiing

### 1.1 Nokre fakta om Lom

Midt i Ottadalen ligg fjellbygda Lom. Dei høgaste fjelltoppane i Noreg finn du her, og meir enn halvparten av Jotunheimen nasjonalpark ligg i Lom. Kommunesenteret Fossbergom er eit moderne bygdesenter der dei fleste har sitt arbeid i reiseliv, handel og tenesteyting. Kultur og miljø vert teke vare på, og ein set si ære i å kunne tilby tradisjonsrike produkt.

Fossbergom står fram som ein tettstad med særpreg, og politikarane i Lom har heile tida lagt stor vekt på byggeskikk og lokale tradisjonar. Lom Stavkyrkje frå ellevehundretalet er ei av dei vakraste stavkyrkjene i landet. Mange tusen turistar er innom i løpet av året, og samstundes er kyrkja i bruk som hovudkyrkje.

Jord- og skogbruk er største enkeltnæringa i Lom. Høve til hausting av utmarksressursar ved beiting og setring er avgjerande for dei jamnt over små gardane. Gardsturisme er eit nytt satsingsområde – nokre driv overnattingsverksemd – andre satsar på ny bruk av setrene.

Lom har eit areal på 1 969 km<sup>2</sup> - og til 2 361 innbyggjarar (31.12.2013) er det god plass! Meir enn 90% av arealet er høgfell over 900 m.o.h., 1% er dyrka jord og 4% er produktiv skog.


### 1.2 Om året 2013

#### 1.2.1 Utdrag frå administrasjonssjefen si vurdering av året 2013


Utvikling i den økonomiske situasjonen i Lom kommune er det grunn til å følge nøye. Det korrigerte netto driftsresultatet i 2013 er negativt. Dette kan ikkje halde fram – og kommunen må vera budd på å gjennomføre tiltak av strukturell karakter. Dette har og vore understreka i både budsjett- og årsmeldingskommentarar frå administrasjonssjefen.

#### 1.2.2 Utvikling av driftsresultat frå 2009 til 2013 (tal i tusen kroner)


	2009	2010	2011	2012	2013
Sum driftsinntekter	177 075	187 781	212 487	221 528	232 017
Sum driftsutgifter	181 225	193 733	208 679	219 297	228 369
Brutto driftsresultat	-4 150	-5 952	3 808	2 230	3 648
Resultat eksterne finanstransaksjonar	3 210	4 143	3 896	1 730	-196
Motpost avskrivningar	8 299	8 476	8 971	9 573	10 882
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>7 359</b>	<b>6 667</b>	<b>16 675</b>	<b>13 534</b>	<b>14 335</b>



Fordeling av arealet i Lom



Folketalet ved utgangen av året frå 2009 til 2013



Utvikling i eigenkapitalprosent siste fem år.

### 1.3 Hendingar og utviklingstrekk

#### 1.3.1 Utgard - offisielt opna og teke i bruk

#### Stor dag i Lom – Opningsdag 29. november 2013 og Utgard er ferdig

Dagen blei markert med inviterte samarbeidspartnarar, kulturinnslag, taler og god mat. Drifts- og salsansvarleg Monika Øyen opna med å ynskje velkome til Utgard og velkomen til bords. Astrid Sulheim og Reidar Svare starta markeringa med eit flott kulturinnslag.

*Ein stolt ordførar Bjarne Eiolf Holø fekk overlevert nøkkelen til Utgard frå hovudentreprenørane Sebb AS v/ Trond Jøingsli og SGS Bygg AS v/ Ola Steinehaugen som fekk mykje skryt under markeringa.*



#### Toastmaster Bjarne Eiolf Holø

- Velkome til Utgard og gratulerer med dagen. Dette er ein stor dag vi har venta på i mange år, og det seies at den som ventar på noko godt ventar ikkje forgjeves. Vi har fått eit fantastisk flott resultat og hatt mange flinke lokale handverkarar, fortel ordføraren og ønskjer alle velkomen attende til opningshelga og ved fleire arrangement seinare.

#### Dette har vi venta lenge på

Administrasjonsjef Ola Helstad gratulerar alle med dagen. - Prosjektet har vorte eit kjempe flott resultat og eg er glad for og takkar for tilliten eg har fått som leiar i styringsgruppa. Her i dag har vi eit godt eksempel på fleirbruk; Astrid Sulheim er doktor og spelar i dag fele her, medan Reidar Svare som er musikal driv no å serverar mat på denne markeringa. Heilt sidan eg begynte her i Lom kommune i 1992 har det vore i større og mindre grad prat om idrettshall, men det blei ikkje før hausten 2010 lagt trykk på det, og allereie hausten 2011 blei det gjort vedtak. Det er temmeleg fort!

#### Vidareåande skule har allereie erfaring med bruk av bygget

Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule avd. Lom flytta inn i Utgard allereie ved skulestart i haust. 2 elevar frå skulen ville på vegne av elevane ved skulen takke for eit flott bygg og uttalar samtidig at dei gler seg til å få nytta styrkerommet og spinningrommet aktivt.

#### Arkitekten frå Rojo-arkitekter kom òg med ei tale.

- Det er spesielt og kome til eit bygg som du har teikna som er verkeleg. Eg er glad, audmjuk og stolt for å ha fått teke del i dette og eg vil takke alle som har delteke. Gratulerer med dagen.



### Skuledelen av Utgard er alt teke i bruk

Tidlegare i november fekk vi ein prat med to av elevane (Ragnhild Haugen og Erik Randen) og Jehans Storvik, avdelingsleiar for Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule, avdeling Lom for å høyre deira røynsler etter nokre månader i nytt skulebygg.

- Her der det kjempefint, seier Ragnhild Haugen, det er så ope og ljost med mykje glas. Og vi har tilgang til kultursalen og dei andre romma i huset når vi treng det.
- Vi har godt utstyrte rom, vi har gode garderober, store og gode rom for kroppsøving og snart får vi og kantina i drift. Det siste ser eg fram til, seier Erik Randen.
- Her er det enorme moglegheiter med topp moderne og godt utstyrte rom, seier Jehans Storvik.
- Alt er berre positivt, vi har for første gong høve til å samle alle elevane og lærarane i kultursalen, alt er lyst og triveleg og vi har m.a. endeleg fått eit godt utstyrt spesialrom for realfagsundervisninga. Og vi har fantastiske moglegheiter for kroppsøving med gode garderober og treningsrom og etter kvart blir også idrettshallen ferdig.

### Kantine

Snart er også kantina ferdig til å takast i bruk, og vi spør Storvik om kva for planar dei har.

- Vi ser verkeleg fram til at kantina er klar til bruk og er spente på kva vi kan få til. I den første tida vil vi prøve oss litt fram med varm mat, kanskje og med frukost dei to dagane i veka med tidlegundervisning. Så får vi sjå etter kvart kva som er økonomisk mogleg.

### Gode søkartal

Skulen er prosjektert for 100 elevar, no er det 147, så det er nesten 50% for mange. Er det eit problem for dykk?

- Vi er svært glade for at så mange vil gå på skulen vår, seier Storvik, men det gjer at elevane på VG1 studiespesialisering må gå i bygningane til byggfag.
- Men det er og slik at talet på elevar er svært viktig for framtida til skulen. Om søkinga held seg på så høgt nivå som nå, er det gode sjansar for at det vil eksistere vidaregåande skule i Lom også i framtida, avsluttar Jehans Storvik.



*Ragnhild Haugen og Erik Randen er baa godt nøgde med den nye vidaregåande skulen i Lom.*

*Frå eit av → klasseromma.*



### 1.3.2 Lom - beste kommune to år på rad

**For fjerde år på rad har Kommunal rapport rangert alle kommunane basert på 115 nøkkeltal. Lom kommune kom på førsteplass i 2012 (basert på tal frå 2011) og vi forsvarte plassen på toppen av lista også i 2013 (basert på tal frå 2012).**


- Å få god plassering stadfester at arbeidet vårt gir kvalitet og resultat. Å toppe ein statistikk med dei over 100 mest relevante indikatorane, er definitivt svært viktig for oss, seier administrasjonssjef Ola Helstad i ein kommentar til rangeringa i Kommunal rapport.

### Bra for rekruttering

Helstad meiner at gode resultat er bra for rekruttering.

- Kommunefolk veit kven Lom er og kva vi står for, seier Helstad vidare i kommentaren i Kommunal rapport. Mange kjem hit for å få informasjon og høyre om kva vi har gjort for å ta det med inn i eigen organisasjon.

**Kommunebarometeret** er ei samanlikning av kommunane, basert på til saman 115 nøkkeltal. Målet er å gje styresmakter – særlig folkevalde i kommunestyret – ei lettforståeleg og tilgjengeleg oversikt over drifta i kommunen.



For andre året på rad har Lom fått diplom som beste kommune i Noreg.



Ordførar  
Bjarne Eiolf Holø (Sp)

## 2. Leiarane om året 2013

### 2.1 Ordførar Bjarne Eiolf Holø

#### Eit aktivt år

2013 har også vore eit svært aktivt år for Lom kommune. Dette er året da oss endeleg fekk teke i bruk vårt nye flotte fleirbrukshus Utgard. Opninga vart markert med ulike arrangement for alle frå barnehage til eldretreff der også bebuarar på Lom helseheim deltok.

Av alle gode lovord om anlegget var det nok engasjementet og skryten frå 5-6 av dei eldre på helseheimen som gjorde størst inntrykk. Da dei satt og såg utover hallen kom denne kommentaren frå ein kar på godt over 90

- «detta ha ungdommen fortent, kommunen kan ikkje berre bruke skillingein på oss gamlingein».

Eg er svært stolt over at Lom endeleg har fått på plass denne storstugu som eg er viss på vil verta ein arena som vil skape auka aktivitet både innanfor idrett, kultur og næringsliv.

#### Forbetringar gjev resultat

Lom kommune trona også i 2013 toppen på Kommunebarometeret. Dette syner at måten Lom kommune er drive på med fokus på stadige forbetringar og brukar- og medarbeidarfokuset, gjev resultat. Oss skal så klart vere stolte over dette, men det gjev ingen grunn til å lene seg attende. Med stadig aukande krav frå sentrale styresmakter, som ikkje vert fylgd opp med auka overføringar og inntekter, må oss redusere kommunen sitt driftsnivå. I budsjettprosessen hausten 2013 vart fokuset nok ein gong retta mot det største området som er pleie og omsorg. Det er naudsynt å setja i gang prosessar for å levere desse tenestane på ein ny måte, noko som vil føre til ein del strukturendringar. Det er svært viktig at oss gjennomfører gode prosessar der ein involverer breitt. Målsettinga er at Lom kommune også framover skal levere gode og trygge tenester til dei som treng det. Det vil også verta sett i gang prosessar for å vurderer korleis skulane våre skal organiserast framover, med fokus på kvalitet, læringsmiljø og ressursutnytting.

#### Ny regjering med fokus på kommunestruktur

Hausten var og prega av eit stortingsval som førde til at det vart danna ei ny mindretalsregjering med ei politisk samansetting som det ikkje er tidlegare erfaringar med. Frå den nye regjeringa er det alt varsla og sett i gang prosessar som heilt klart vil påverke vår kommune framover. Fokuset på endringar i kommunestruktur vart fort sett på dagsorden. Formannskapet i Lom har både nå og tidlegare vore klare på eit dei er positivt innstilt til ein kommunereform og ynskjer å vere aktivt deltakande. Mi klare mening er at det er langt viktigare kva for tenester oss for framtida klarer å levere nærast vore innbyggjarar enn kvar kommunegrensa går, og kvar kommuneadministrasjon er plassert. Men eg er likevel svært skeptisk til alt for store geografiske einingar. Det er viktig at dei som har delegert mynde til å ta avgjersler og lokalpolitikarar har kunnskap om heile kommunen som dei skal forvalte. Ved for store geografiske avstandar kan lett demokratiet verta svekka.

#### Landbruket som bærebjelken for næringslivet

Lom har, både på eige hand og saman med regionale samarbeidspartar, jobba aktivt også i 2013 med å påverke sentrale myndigheiter til å støtte opp med stimulerande tiltak for å sikre vekst i eksisterande næringsliv og gjera det attraktivt å etablere ny verksemd eller flytte verksemder til vår region. Ein auka tilgang på arbeidsplassar vil føra til auke i busetting og ein forbetra demografisk samansetting. Fokuset på landbruksnæringa som sjølv bærebjelken for næringslivet i Lom og vår region skal aukast ytterlegare. Det vil ikkje verta akseptert at sentrale styresmakter skal få rasere denne viktige distriktsnæringa ytterlegare, samstundes som det vert hevda at ein skal klare å auke sjølvforsyninga av mat. Det er og vil fortsatt verta utøvd eit påtrykk for å løyse dei store utfordringane som er knytt til vilkåra for kartlegging av ras og flomfare, samt sikringstiltak mot reelle farar.

#### Takk for samarbeidet i 2013

Takk til alle som saman bidreg til at Lom kommune klarer å produsere gode og trygge tenester og til alle innbyggjarane som aktivt er med og skapar ei attraktiv og omsorgsfull bygd.

## 2.2 Administrasjonssjefen si vurdering

### Kommunebarometeret 2013

Lom kommune vann Kommunebarometeret for 2013. Dette er andre gong på rad , noko som må seiast å vera ein særdeles god prestasjon! Det er all grunn til å vera stolt av dette. Med nærare 130 vesentlege kommuneindikatorar som grunnlag for denne kåringa, dokumenterer dette at Lom kommune er ei veldriven kommune. Denne posisjonen er eit resultat av godt arbeid over mange år frå fleire. Systematikk i, og aktivitet ut i frå, styringssystem og aktiv bruk av brukar- og medarbeidarsamarbeid er avgjerande for å få til gode resultat. Tilsette, folkevalde og innbyggjarar har all grunn til å vera stolt av kommunen sin.

### Godt omdømme og interesse for Lom

Gode resultat byggjer godt omdømme og interesse for Lom. Vi har besøk av fleire kommunar og offentlege aktørar som ynskjer å lære av måten vi driv på i Lom. Dette har og vore tilfelle i 2013.

### Den økonomisk situasjonen

Utvikling i den økonomiske situasjonen i Lom kommune er det grunn til å følge nøye. Det korrigerte netto driftsresultatet i 2013 er negativt. Dette kan ikkje halde fram – og kommunen må vera budd på å gjennomføre tiltak av strukturell karakter. Dette har og vore understreka i både budsjett- og årsmeldingskommentarar frå administrasjonssjefen.

### Kommunestruktur

2013 har elles vore eit år med fokus på framtidig kommunestruktur og endring av denne. Prosessen har så vidt kome i gang. Det er all grunn å bu seg på til dels vesentlege endringar. Som tidlegare er eg av den oppfatning av rasjonalisering og effektivisering gjennom å utvide portefølja med interkommunale samarbeidstiltak ikkje er svaret. For folkevalde er mange og kompliserte interkommunale samarbeid utfordrande å handtere ut i frå demokratiperspektivet. Det same gjer seg gjeldande for administrasjonen i høve det pålagte ansvaret for interkontroll og rapportering. Portefølje med interkommunalt samarbeid må vurderast nøye og vurderast opp i mot alternative måtar å organisere dei kommunale tenestene på.

### Arbeidsgjevar- og medarbeidarrolla

Frå tilsette blir det meldt at medarbeidartilfredsheita er god. Samstundes har vi mange utfordringar knytt til arbeidsgjevar- og medarbeidarrolla. Fokus på partsamansett samarbeid med vekt på proaktivitet og forutsigbarheit er svært viktig for å halde grunnlaget for komande år. Tendensen i høve utfordringar med rekruttering av leiarar har og vore gjeldande i 2013. Dette må kommunen løyse. Når det gjeld fagpersonell elles har vi i stor grad hatt gode utval med søkjarar når stillingar har vore lyste ut. Det er og gledeleg av sjukefråveret har gått ned frå 2012 til 2013.

Eg nyttar høvet til å takke alle for eit godt år i 2013!



*Administrasjonssjef  
Ola Helstad*

Kommunestyret  
17 representantar

Kontrollutvalet

Formannskapet  
5 representantar

Budsjettutvalet

*Politisk organisering  
i Lom kommune*

### 3. Politisk organisering og saker

#### 3.1 Saker og utval

Utval	2012		2013	
	Møte	Saker	Møte	Saker
Kommunestyret	7	69	10	48
Formannskapet	23	157	16	93
Administrasjonsutvalet	4	3	1	1
Tilsettingsutvalet	12	40	13	55

#### 3.2 Kontrollutvalet

Desse var med i kontrollutvalet i 2013:

Medlemmar	Varamedlemmar
Harald Onsum Berg (leiar)	Wenche Smetop
Synnøve Aukrust (nestleiar)	Bård Hanem
Torunn Kjøk	Håkon Dalen

#### 3.3 Budsjettutvalet

Formannskapet fungerte som budsjettutval i 2013.

#### 3.4 Saksutval for samhandlingsreforma

Saksutval for Samhandlingsreforma vart vedteke oppretta og tro i kraft frå nyttår 2012.

Medlemmar er:

- Anne-Lise Marstein (AP),
- Jarmund Øyen (AP),
- Eilev Hellekveen (LL),
- Beate Stø (SP) og
- Laila Laingen (AP).

Leiar for utvalet er Anne-Lise Marstein.



## 4. Personal og organisasjon

### 4.1 Administrativ organisering

Administrasjonen i Lom kommune er delt inn i åtte tenesteområde med ein tenesteleiar for kvart område. I tillegg kjem staben til administrasjonssjefen. Øvste administrative leiar er administrasjonssjef Ola Helstad.

### 4.2 Tilsette

I 2013 fekk 18 personar fast arbeid i Lom kommune, 12 fekk utvida stilling og 17 avslutta sitt arbeidsforhold. Av desse gjekk 10 av med pensjon, anten med full AFP, alderspensjon, eller uførepensjon. Fleire av dei tilsette som fekk fast stilling eller utviding av stilling har over lengre tid vore vikarar eller midlertidig tilsett.

Gjennom arbeid med ein Arbeidsgjevarstrategi vil det bli sett fokus på blant anna deltid, jobbnærver, likestilling og livsfasepolitikk. I 2011 vart Lom kommune teke opp i prosjektet "Saman om ein betre kommune" kor fokus i Lom kommune vil vere på kompetanse. Dette er eit samarbeidsprosjekt i regi av KRD, KS og fagorganisasjonane. Arbeidsgjevarstrategien vart vedteke i kommunestyret 20.12.12, og den strategiske kompetanseplanen, generell del vart vedteke i kommunestyret. Arbeidet i 2014 skal ha fokus på Livsfasepolitikk, leiarutvikling og vidare arbeid med den strategisk kompetanseplan.

Talet på faste tilsette	2009	2010	2011	2012	2013
	273	268	276	267	283

### 4.3 Likestilling

Lom kommune arbeidar aktivt med å redusere bruken av deltidsstillinga og for å auke stillingsstorleiken for tilsette i deltid. Dette er eit arbeid som blir gjort saman med dei tillitsvalde. Arbeidet med å redusere deltidsstillingar har resultert i at dei som ynskja utvida stilling i 2013 fekk det. I 1999 gjorde Lom kommune vedtak om at alle som tok fagutdanning, skal få stilling og løn som fagarbeidar. Dette er med på å stimulere til kompetanseheving. Ein samarbeidspart for kompetanseheving er OPUS på Otta. Det er framleis ein skilnad mellom menn og kvinner både på stillingsstorleik, årsløn og fråvær. Det er fleire kvinner i både faste stillingar, i deltidsstillingar og i vikar stillingar, medan menn har høgare alder og gjennomsnittleg årsløn.

Det er mange yrkesgrupper, og alle er like viktige for at Lom kommune skal vere den serviceverksemda vi gjerne vil vere. Det vil i det framtidlege arbeidet vere ein fokus på kompetanse, og det skal utarbeidast ein kompetanseplan for heile kommunen.

Årsverk	Totalt	Menn	Kvinner
Stab	5,7	4,1	1,6
Støttefunksjon	15,3	6,2	9,1
Garmo Oppvekstsenter	13,51	1,9	11,61
Loar barnehage	18,5	-	18,5
Loar skule og Lom musikk- og kulturskule	28	3,7	21,5
Lom ungdomsskule	15,4	5,7	9,7
MTN	29,4	16,7	12,7
Helse og Velferd	31,2	5,2	18,9
Pleie og Omsorg	73,5	1,9	71,6



*Administrativ organisering  
i Lom kommune*

	<b>Menn</b>	<b>Kvinner</b>
Antal	80	277
Prosent	22,41%	77,59%
Gjennomsnitt stillingsstorleik	64,76%	69,29%
Gjennomsnitt årsløn	417 410,-	397 638,-
Gjennomsnitt alder	49,66	47,01
<b>Fast tilsette i full stilling</b>		
Antal	24	80
Prosentfordeling kjønn	23,08%	76,92%
Gjennomsnitt alder	47,18	47,14
<b>Deltidstilsette i faste stillingar</b>		
Antal	25	154
Prosentfordeling kjønn	14%	86%
Gjennomsnitt stillingsstorleik	44,32%	54,63%
<b>Vikarar</b>		
Antal	37	74
Gjennomsnittleg stillingsstorleik	40,20%	40,00%
Gjennomsnittleg alder	41,72	42,37

#### 4.4 Sjukefråvær

Lom kommune har skrive under *LA-avtalen*, noko som forpliktar til arbeid med nærvær og eit inkluderande arbeidsliv. Dette arbeidet er eit samarbeid mellom arbeidsgjevar, arbeidstakar, tillitsvalde og verneombod. Det totale fråværet på dei ulike tenestområda ser slik ut i 2013:

<b>Tenestemråde</b>	<b>Menn</b>	<b>Kvinner</b>
Stab	3,5	5,6
Støttefunksjon	1,1	4,3
Garmo Oppvekstsenter	10,2	11,4
Loar barnehage		5,1
Loar skule og Lom musikk- og kulturskule	1,8	6,9
Lom ungdomsskule	0,7	5,0
MTN	3,94	1,5
Helse og Velferd	10,95	17,32
Pleie og Omsorg	7,77	0,9

Samanlikna med tidlegare år ser sjukefråværet for 2013 slik ut

	<b>2009</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>
1-16 dagar	1,8%	1,8%	2,0%	2,3%	2,7%
17-40 dagar	1,1%	1,5%	1,1%	2,3%	2,7%
41 dagar +	4,5%	4,2%	3,1%	3,2%	0,9%
Totalt	7,4%	7,5%	6,2%	7,7%	6,2%

Fråvær grunna barn eller barnepassar sin sjukdom har resultert i dagar med fråvær. Av desse var kvinner heime i 74% av tilfella og menn i 26%. Dette er fordelt slik:

	Menn		Kvinner	
	Dagar	%	Dagar	%
Stab	-	-	-	-
Støttefunksjon	-	-	6	100%
Garmo oppvekstsenter	2	20%	8	80%
Loar barnehage	-	-	22	100%
Loar skule og Lom musikk- og kulturskule	5	36%	9	64%
Lom ungdomsskule	6	60%	4	40%
MTN	11	78,60%	3	21,40%
Helse og Velferd	-	-	4	100%
Pleie og Omsorg	0	-	14	100%

Det er ikkje innan alle tenesteområda at både menn og kvinner har born under 12 år som ein er heime med, så tabellen er ikkje heilt representativ.

#### 4.5 Seniorpolitisk plan

Arbeidsmiljø og trivsel for dei tilsette står i fokus. Alle, utan omsyn til alder, er like viktige. For å legge til rette for dette vart det frå juni 2007 vedteke ein seniorpolitisk plan. Tilsette mellom 62 til og med 64 år får høve til å velje "seniorløn" eller å ta ut fridagar etter nærare avtale. Målet er at denne gruppa skal føle seg verdsette og at det vert lagt tilsette for at dei skal stå lenger i arbeid. I 2013 hadde Lom kommune 42 som fylte 60 år eller meir. Av desse hadde 18 ei senioravtale, kor fordelinga var 3 menn og 15 kvinner, og 2 har ein delvis AFP.

#### 4.6 Verneombod og tillitsvalde

Tillitsvalde og verneombod er viktige ressursar for Lom kommune, og det blir lagt til rette for opplæring av dei som innehar desse verv. Vi har lagt opp til ein fast møteplan med dei tillitsvalde, og i Lom kommune er Fagforbundet, Utdanningsforbundet, Delta, DNJ, NSF, FO, NFF, NITO, Naturvitarane og Samfunnsvitarane representerte.

## 5. Økonomisk oversyn

### 5.1 Økonomi

#### 5.1.1 Driftsrekneskapen

	Notar	Rekneskap	Reg. budsjett	Oppr. budsjett	Rekneskap i fjor
<b>Driftsinntekter:</b>	9, 10, 24, 25				
Brukarbetaling		8 027 554	7 907 140	7 907 140	8 021 240
Andre sals- og leigeinntekter		28 092 807	27 391 000	27 391 000	32 824 583
Overføringar med krav til motyting		41 443 094	31 103 857	26 374 032	39 879 293
Rametilskot	32	82 395 370	84 765 000	82 902 000	80 212 936
Andre statlege overføringar		8 814 922	6 533 862	6 533 862	8 322 665
Andre overføringar		9 316 121	100 000	100 000	983 287
Skatt på inntekt og formue	32	42 503 681	43 016 000	44 470 000	40 161 789
Eigedomsskatt		5 096 842	5 145 000	5 145 000	4 792 447
Andre direkte og indirekte skattar		6 327 108	4 000 000	4 000 000	6 329 704
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>232 017 499</b>	<b>209 961 859</b>	<b>204 823 034</b>	<b>221 527 944</b>
<b>Driftsutgifter:</b>	9, 10, 23, 24, 25				
Lønsutgifter	20	124 604 155	118 980 221	115 770 669	118 670 291
Sosiale utgifter	3	25 735 057	23 446 982	22 834 919	23 890 453
Kjøp av varer og tenester som går inn i tenesteprod.		33 147 849	26 730 676	24 662 395	31 446 702
Kjøp av varer og tenester som erstattar tenesteprod.		20 660 156	18 954 570	22 480 840	17 040 193
Overføringar	8, 19	19 680 412	19 610 692	10 338 775	23 140 892
Avskrivningar	30	10 882 281	10 747 000	0	9 573 472
Fordelte utgifter		-6 340 863	-2 020 212	-206 612	-4 464 832
<b>Sum driftsutgifter</b>		<b>228 369 048</b>	<b>216 449 929</b>	<b>195 880 986</b>	<b>219 297 172</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>		<b>3 648 451</b>	<b>-6 488 071</b>	<b>8 942 048</b>	<b>2 230 772</b>
<b>Finansinntekter:</b>					
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	24	13 376 388	15 116 000	14 832 000	13 406 262
Gevinst på finansielle instrument		0	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån		102 227	90 000	90 000	82 400
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>		<b>13 478 615</b>	<b>15 206 000</b>	<b>14 922 000</b>	<b>13 488 663</b>
<b>Finansutgifter:</b>					
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	13, 23, 24	4 741 262	4 538 700	4 538 700	4 016 030
Tap på finansielle instrument		0	0	0	0
Avdragsutgifter	13	8 837 746	8 717 000	8 717 000	7 630 956
Utlån		95 810	91 500	91 500	111 481
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>		<b>13 674 818</b>	<b>13 347 200</b>	<b>13 347 200</b>	<b>11 758 467</b>
<b>Resultat eksterne finanstransaksjonar</b>		<b>-196 204</b>	<b>1 858 800</b>	<b>1 574 800</b>	<b>1 730 196</b>
<b>Motpost avskrivningar</b>		<b>10 882 281</b>	<b>10 747 000</b>	<b>0</b>	<b>9 573 472</b>
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>22</b>	<b>14 334 528</b>	<b>6 117 730</b>	<b>10 516 848</b>	<b>13 534 441</b>
<b>Interne finanstransaksjonar:</b>					
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessig mindreforbruk		2 184 201	2 184 201	0	5 053 564
Bruk av disposisjonsfond	6	2 827 587	3 569 375	1 815 752	3 257 191
Bruk av bundne fond	6	6 791 217	7 420 121	4 646 500	4 773 833
Bruk av likviditetsreserve	6	0	0	0	0
<b>Sum bruk av avsetningar</b>		<b>11 803 004</b>	<b>13 173 697</b>	<b>6 462 252</b>	<b>13 084 587</b>
Overført til investeringsrekneskapen	12	8 946 436	10 216 225	10 088 100	9 954 204
Dekking av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk		0	0	0	0
Avsetningar til disposisjonsfond	6	2 102 593	4 084 201	2 046 000	6 854 800
Avsetningar til bundne fond	6	15 031 206	4 991 000	4 845 000	7 625 822
Avsetningar til likviditetsreserven	6	0	0	0	0
<b>Sum avsetningar</b>		<b>26 080 235</b>	<b>19 291 426</b>	<b>16 979 100</b>	<b>24 434 827</b>
<b>Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk</b>	<b>15</b>	<b>57 298</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>2 184 201</b>




**Utvikling av driftsresultat siste fem år (tal i tusen kroner):**

	2009	2010	2011	2012	2013
Sum driftsinntekter	177 075	187 781	212 487	221 528	232 017
Sum driftsutgifter	181 225	193 733	208 679	219 297	228 369
Brutto driftsresultat	-4 150	-5 952	3 808	2 230	3 648
Reultat eksterne finanstransaksjonar	3 210	4 143	3 896	1 730	-196
Motpost avskrivningar	8 299	8 476	8 971	9 573	10 882
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>7 359</b>	<b>6 667</b>	<b>16 675</b>	<b>13 534</b>	<b>14 335</b>


**5.1.2 Balanserekneskapen**

Eigendelar	Notar	2013	2012
<b>Anleggsmidler</b>		<b>628 471 591</b>	<b>551 339 572</b>
Av dette:			
Faste eigedommar og anlegg	11, 30	345 240 040	295 806 852
Utstyr, maskinar og transportmiddel	11, 30	3 358 528	3 533 247
Utlån		49 503 832	49 317 525
Konserninterne langsiktige fordringar		0	0
Aksjar og andeler	4, 5	9 790 303	0
Pensjonsmidlar	3	220 578 888	202 681 948
<b>Omløpsmidlar</b>	<b>2</b>	<b>114 196 402</b>	<b>126 043 569</b>
Av dette:			
Kortsiktige fordringar	21	32 743 543	23 553 006
Konserninterne kortsiktige fordringar		0	0
Premiavvik		2 507 689	3 670 404
Aksjar og andeler		0	9 372 899
Sertifikat		0	0
Obligasjonar		0	0
Kasse, postgiro, bankinnskott	18	78 945 170	89 447 260
<b>Sum eigendelar</b>		<b>742 667 993</b>	<b>677 383 141</b>

Eigenkapital og gjeld	Notar	2013	2012
<b>Eigenkapital</b>		<b>233 724 943</b>	<b>217 908 710</b>
Av dette:			
Disposisjonsfond	6, 26	27 043 881	28 710 627
Bundne driftsfond	6	39 008 550	35 574 159
Ubundne investeringsfond	6	4 876 586	4 455 862
Bundne investeringsfond	6, 27, 28, 29	1 063 659	903 955
Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar AK Drift		-369 896	-369 896
Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar AK Invest		-2 977 477	-2 977 477
Rekneskapsmessig mindreforbruk	15	57 298	2 184 201
Rekneskapsmessig meirforbruk	15	0	0
Udisponert i investeringsrekneskap		0	176 578
Udekka i investeringsrekneskap		-2 653 602	0
Likviditetsreserve		0	0
Kapitalkonto	7	167 675 944	149 250 700
<b>Langsiktig gjeld</b>	<b>14, 4</b>	<b>461 001 339</b>	<b>418 247 072</b>
Av dette:			
Pensjonsforpliktingar	3	285 165 016	263 946 021
Ihendehavarobligasjonslån		0	0
Sertifikatlån		0	0
Andre lån	13, 14, 23	175 836 323	154 301 051
Konsernintern langsiktig gjeld		0	0
<b>Kortsiktig gjeld</b>	<b>2</b>	<b>47 941 711</b>	<b>41 227 359</b>
Av dette:			
Kassakredittlån		0	0
Anna kortsiktig gjeld		47 941 711	41 227 359
Konsernintern kortsiktig gjeld		0	0
Premieavvik		0	0
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>		<b>742 667 993</b>	<b>677 383 141</b>



Utvikling i brutto driftsresultat siste fem år. Tal i tusen kroner.



Utvikling i netto driftsresultat siste fem år. Tal i tusen kroner.

Kraftinntekter

Årsrekneskapen for Lom kommune for 2013 viser enda ein gong kor viktige samla inntekter kommunen har som følge av erstatningar og kompensasjonar frå kraftutbygging og kraftproduksjon. Samla sett viser inntekter frå konsesjonsavgifter, konsesjonskraft, eigedomsskatt frå verker og bruk knytt til kraftproduksjon og naturressursskatt 17,2 millionar kroner. I tillegg kjem renteavkastning på fond som er oppretta som følge av

erstatningar og utbyggingsavtaler. Desse inntektene er avgjerande for god teneste- og velferdsproduksjon i kommunen. Det er særdeles viktig å følge opp desse rettane og inntektene i åra som kjem. Dette gjeld både ved å syte for at eigenkompetanse er til stades i kommunen, og at forståing for grunnlaget for inntekter er tilstrekkeleg. Det er ikkje minst viktig å ivareta dette området interessepolitisk for distriktskommunane.

<b>Kraftrelaterte inntekter</b>	<b>2013</b>
Konsesjonskraft	7 486 000
Konsesjonsavgift	4 162 000
Eigedomsskatt kraftverk	3 399 000
Naturressursskatt	2 165 000
Sum årlege inntekter 2013	17 212 000
Smådøla (eingongsbeløp)	8 000 000

<b>Memoriakonti</b>	<b>Rekneskap 2013</b>	<b>Rekneskap 2012</b>
Memoriakonto	3 093 265	8 812 227
Av dette:		
Ubrukte lånemidlar	205 692	6 785 301
Ubrukte konserninterne lånemidlar	0	0
Andre memoriakonti	2 887 572	2 026 925
<b>Motkonto til memoriakonto</b>	<b>-3 093 265</b>	<b>-8 812 227</b>


5.1.3 *Investeringsrekneskapen*

<b>Investeringsrekneskap</b>	<b>Budsjett 2013</b>	<b>Rekneskap 2013</b>	<b>Avvik</b>
Finansiell leasing bilar	149 400	149 264	-136
Investering Regiondata	350 000	345 044	-4 956
Etableringslån	2 900 600	3 170 035	269 435
Renter avsett til kapitalfond	150 000	150 000	0
Kjøp av aksjar	487 787	461 659	-26 128
Sal av utleigebustader	534 060	534 060	0
Avdrag tomtefeste	0	-16 700	-16 700
Leikeapparat Loar barnehage	250 000	246 631	-3 369
Samleveg Garmo - asfaltering	875 000	1 076 527	201 527
Sal av grunn/tomt	28 854	28 854	0
Ljosstyring helseheimen	125 000	93 395	-31 605
Låsesystem helseheimen	250 000	0	-250 000
Utgard	47 600 000	51 186 896	3 586 896
Heileheimen vedlikehald	250 000	91 421	-158 580
Pensjonatet enøk - tiltak	500 000	120 744	-379 256
GPS - utstyr	250 000	369 138	119 138
Innløysing av tomter	400 000	415 625	15 625
Skiltplan - veg- og gateadressar	312 500	0	-312 500
VSP - tiltak	15 625	15 625	0
Utleige-/flyktningsbustader	6 750 000	5 953 480	-796 520
Andre utleigebustader	6 250 000	0	-6 250 000
Lom helsesenter - detaljprosjektering	562 500	0	-562 500
<b>Totalt</b>	<b>68 991 326</b>	<b>64 391 698</b>	<b>-4 599 629</b>

## 5.1.4 Finansieringsanalyse

	Rekneskap	Reg. budsjett	Oppr. budsjett	Rekneskap i fjor
<b>Anskaffing av midlar:</b>				
Inntekter driftsdel (kontoklasse 1)	232 017 499	209 961 859	204 823 034	221 527 944
Inntekter investeringsdel (kontoklasse 0)	6 770 569	8 622 914	8 560 000	4 183 323
Innbetalinger ved eksterne finanstransaksjonar	52 819 993	57 295 400	59 962 000	64 941 589
<b>Sum anskaffing av midlar</b>	<b>291 608 061</b>	<b>275 880 173</b>	<b>273 345 034</b>	<b>290 652 856</b>
<b>Bruk av midlar:</b>				
Utgifter driftsdel (kontoklasse 1)	217 486 767	205 714 999	196 441 056	209 723 700
Utgifter investeringsdel (kontoklasse 0)	59 355 846	64 897 134	66 587 500	65 808 483
Utbetaling ved eksterne finanstransaksjonar	17 468 859	16 735 587	16 247 800	17 023 373
<b>Sum bruk av midler</b>	<b>294 311 472</b>	<b>287 347 720</b>	<b>279 276 356</b>	<b>292 555 555</b>
Anskaffing - bruk av midlar	-2 703 412	-11 467 548	-5 931 322	-1 902 699
Endring i ubrukte lånemidlar	-6 579 609	0	0	-1 050 400
Endring i rekneskapsprinsipp som påvirker AK Drift	0	0	0	-66 676
Endring i rekneskapsprinsipp som påvirker AK Invest	0	0	0	0
Endring i arbeidskapital	-9 283 021	-11 467 548	-5 931 322	-3 019 775
Avsettingar og bruk av avsettingar				
Avsettingar	18 626 185	9 957 584	6 891 000	17 208 263
Bruk av avsettingar	18 675 994	20 638 062	12 412 252	19 110 962
Til avsetning seinare år	2 653 602	0	0	0
<b>Netto avsettingar</b>	<b>-2 703 412</b>	<b>-10 680 478</b>	<b>-5 521 252</b>	<b>-1 902 699</b>
<b>Interne overføringar og fordelinger</b>				
Interne inntekter mv	27 663 844	28 952 480	14 884 605	25 245 043
Interne utgifter mv	27 663 844	28 179 410	15 036 535	25 245 043
<b>Netto interne overføringar</b>	<b>0</b>	<b>773 070</b>	<b>-151 930</b>	<b>0</b>

<b>Oversikt endring arbeidskapital</b>	<b>Rekneskap 2013</b>	<b>Rekneskap 2012</b>
<b>Omløpsmidlar:</b>		
Endring betalingsmidlar	-10 502 089	1 161 385
Endring ihendehaverobligasjonar og sertifikat	0	0
Endring kortsiktige fordringer	9 190 537	5 210 689
Endring premieavvik	-1 162 715	2 237 588
Endring aksjer og andelar	0	0
<b>Endring omløpsmidlar (a)</b>	<b>-2 474 268</b>	<b>8 609 662</b>
<b>Kortsiktig gjeld:</b>		
Endring kortsiktig gjeld (b)	-6 714 352	-11 545 761
<b>Endring arbeidskapital (a-b) Note 2</b>	<b>-9 188 619</b>	<b>-2 936 099</b>



Utvikling i egenkapitalprosent siste fem år.

### 5.1.5 Avviksmelding - inntekter og driftutgifter

Sjå note 24 på side 71.

### 5.1.6 Langsiktig gjeld og pensjonsforpliktingar

Tal i tusen kroner	2009	2010	2011	2012	2013
Total langsiktig gjeld	314 484	323 492	346 596	418 247	461 001
Av dette er pensjonsforpliktingar	196 533	214 560	233 183	263 946	285 165
Langsiktig gjeld utan pensjonsforpliktingar	117 951	108 932	113 413	154 301	175 836

Tal i tusen kroner	2009	2010	2011	2012	2013
Eigenkapital	196 044	200 421	212 785	217 909	233 724
Totalkapital	538 774	553 562	589 063	677 383	742 668
Langsiktig gjeld	314 484	323 492	346 596	418 247	461 001

	2009	2010	2011	2012	2013
Eigenkapitalprosent	36,4	36,2	36,1	32,1	31,5

### Udisponert på forskjellige fond:

Tal i tusen kroner	2009	2010	2011	2012	2013
Bundne driftsfond	20 118	22 625	27 154	30 107	36 636
Bundne investeringsfond	4 261	1 110	913	904	1 064
Disposisjonsfond	22 099	21 448	23 378	26 730	25 063
Ubundne investeringsfond	6 475	5 853	-1 126	-516	4 667
Rekneskapsmessig mindreforbruk	3 479	4 299	5 054	2 184	57

## 5.2 Finansiell rapport

### 5.2.1 Føremålet med finansforvaltninga

#### Overordna mål

- Finansforvaltninga har som overordna føremål å sikre stor grad av forutsigbarhet for Lom kommune sin finansielle stilling.
- Finansforvaltning skal gje ei rimelig avkastning, utan å ta vesentleg finansiell risiko.

#### Delmål

- Kommunen skal til kvar tid ha likviditet til å dekkje dei forpliktingar som kommunen har.
- Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei god og konkurransedyktig avkastning. Dette skal gjerast innanfor definerte krav til likviditet og risiko.
- Lånte middel skal over tid gje lågast mogleg total kostnad. Vurdering av dette skal skje innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko. Det skal takast omsyn til at det er behov for å ha forutsigbare lånekostnader.
- Forvaltning av eventuelle langsiktige finansielle aktiva, utanom middel berekna til å dekke daglege fordringar til driftsføremål, skal skje etter same overordna forsiktige prinsipp som for annan likviditet.




## 5.2.2 Nøkkeltal

Nøkkeltal pr. 31.12.2013	01.01.2013 – 31.12.2013
Renteinntekter og aksjeutbytte	Kr 13 376 000
Avkastning i %	11,8 %
Langsiktig gjeld utanom pensjonsforpliktingar	Kr 175 836 000
Effektiv lånerente	2,7 %
Aksjar og utlån	Kr 35 034 000

## 5.2.3 Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar for driftsføremål

- Kommunen sine middel til driftsføremål (og ledig likviditet) kan plasserast i bankinnskot, pengemarknadsfond og renteberande verdipapir med kort løpetid. Alle plasseringar skal gjerast i norske kroner (NOK).
- Driftslikviditet til kommunen skal plasserast i kommunen sin hovudbank. I tillegg kan det gjerast innskot i andre spare- eller forretningsbankar.
- Kommune skal til kvar tid ha likviditet til å dekkje dei forpliktingar som kommunen har.
- Kommunen sine likvider er plassert i bankinnskot. Frå 1. halvår 2013 gjekk vi burt frå plassering i fastrenteavtaler med eitt års binding, og over til rentebinding med tre månaders oppseiingstid. Hovudårsaken til dette er banken sin rentepolitikk og deira rammer frå Finanstilsynet. Gjennomsnittleg innestående på denne avtale er kr 31 000 000.
- Likvider elles er plasserte til flytande rente, og til kvar disponible middel.



Utvikling i likviditet frå 2010 til 2013

## 5.2.4 Forvaltning av kommunen sin gjeldsportefølje og andre finansieringsavtaler

- Sum lånebehov for 2013 etter kommunestyret sitt budsjettvedtak var kr 42 490 000.
- Nye lån i 2013 er på kr 28 549 000. I tillegg til dette, kjem kr 3 000 000 i låneopptak for etableringslån. Kr 12 600 000 av lånevedtaket vil bli teke opp i 2014.
- Det er inngått avtaler om finansiell leasing, med berekna noverdi/lånebeløp tilsvarande kr 149 264.
- Det er ikkje gjort nokor refinansiering.

Ved utgangen av året hadde vi denne fordelinga mellom lån med flytande rente og fast rente:

Fastrentelån: 47,0 %

Flytande rente: 53,0 %

- Finansreglementet seier at fordelinga på lånealternativa skal ha minimum 1/3 av låna skal vera lån til fastrente og minimum 1/3 av låna skal vera lån til flytande rente, medan mens 1/3 skal vurderast ut i frå marknadssituasjonen Etter dette blir det vurdert til at deling av låna er innanfor reglementet sine krav.
- Som eitt av delmåla i finansreglementet står:
- «Lånte middel skal over tid gje lågast mogleg totalkostnad. Vurdering av dette skal skje innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko. Det skal takast omsyn til at det er behov for å ha forutsigbare lånekostnader.
- Ved 1 % renteauke, vil våre utgifter på 1 år auke med ca. kr 930 000.
- Lån til flytande rente er på kr 92 736 000, medan innskot til flytande rente er i gjennomsnitt kr 60 000 000. Lån til flytande rente er kr 33 000 000 høgare enn innskot til flytande rente. Dette indikerer ein renterisiko på dette beløpet. I vurdering av dette, så har vi ca kr 30 000 000 innskot med ei oppseingstid på 3 månader.

### 5.2.5 Forvaltning av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva

#### Føremål

Forvaltning av Lom kommune sine langsiktige finansielle aktiva har som føremål å sikre ei langsiktig avkastning som kan vera med på å gje innbyggjarane i Lom eit godt tenestetilbod. Det skal styrast etter ein rullerande investeringshorisont på 5 år, samtidig som ein forsøker å få ei rimeleg årleg bokført avkastning.

#### Dagens situasjon

Lom kommune har lån til AS Eidefoss, der kommunestyret tidlegare har vurdert at kommunen, saman med dei andre eigarkommunane kvar kan yte eit ansvarleg lån til selskapet med kr 30 mill.

I tillegg har Lom kommune disse aksjane/eigedelane i andre selskap:

Namnet til selskapet	Konto i balansen	Eigardel i selskapet	Balanseført 31.12.2012	Balanseført 31.12.2013
Gudbrandsdal Lufthamn AS	22170044		127 500	127 500
Eidefoss AS	22168001		2 400 000	2 400 000
Midtgard AS	22170012	50,00 %	1 410 000	1 410 000
Jotunheimen Reiselivslag AS	22170016		11 000	11 000
Skjolden Næringsbygg AS	22170046		100 000	100 000
Kommunekraft	22168005		1 000	1 000
Det Norske Teatret	22170014		1	1
Gudbrandsdal Industrier AS	22168002	6,90 %	541 000	541 000
Gudbrandsdalsmusea AS	22168004	12,00 %	36 000	36 000
KLP - eige kapitalinnskot	22141001		4 338 742	4 800 401
Stiftelsen Norsk Kulturarv	22170010	4,00 %	50 000	50 000
Lom Tamreinlag BA	22170011	5,62 %	60 000	60 000
NGR - Renovasjonsselskap	22168003	12,46 %	88 400	88 400
Kompetanse.Universitets-og forskn.	22168007		0	0
Klimapark-2469	22168008		165 000	165 000
<b>Sum</b>			<b>9 328 643</b>	<b>9 790 302</b>

Flesteparten av disse eigedelane er ikkje med føresetnad om avkastning til kommunen, men som eit bidrag til samfunnutvikling.

## 5.3 Det totale målekartet

Fokus- område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Noreg		Lom	
			res. 2012	Resultat 2012	Resultat 2013	Mål 2013
Økonomi	Økonomi- styring og drift	Brutto driftsresultat	1,8%	1,0%	1,6%	0,3%
		Netto driftsresultat	2,4%	6,2%	6,3%	3,0%
	Finansiell styring	Eigekapitalprosent		32,1%	31,5%	30,0%
		Langsiktig gjeld i % av driftsinntekter	201,4%	190,3%	198,7%	212,0%
	Likviditets- styring	Lividitetsgrad 1		2,7	2,4	3,4
		Arbeidskapital i % av driftsinntekter	14,9%	34,0%	31,8%	34,0%
Medarbeidar	Opplevd kvalitet	Alt i alt, kva grad er du nøgd med næraste leiar	4,8	4,7	4,8	4,7
		Er du nøgd med standarden på arbeidslokala	4,0	4,3	4,1	4,3
	Løyer dykk felles arbeidsoppgåver på ein god måte	4,9	4,8	5,1	4,9	
		Har du høve til å arbeide sjølvstendig	5,2	5,1	5,3	5,0
	Målt kvalitet	Sjukefråvær korttid		2,5%	2,8%	2,0%
		Sjukefråvær langtid		3,9%	3,5%	3,0%
		Svarprosent medarbeidarundersøking	57%	83%	55%	80%
Læring og fornyng	Opplevd kvalitet	I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet ditt?	4,7	4,6	4,9	4,6
		I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseheving?	4,3	4,3	4,5	4,3

## 5.3.1 Avvikskommentar til det totale målekartet

- I forhold til økonomi blir det vist til note 24, side 71 i årsmeldinga.
- Det er mindre endringar på fokusområdet «medarbeidar». For fokusområdet «læring og fornyng» har det over lengre tid vore ei positiv utvikling. Ut frå tala, kan ein lesa at det er stor grad av meistringsoppleving i forhold til forventning og krav i arbeidet. Dette heng saman med organisasjonen evne til å løyse felles oppgåver på ein god måte - samarbeid, autonomi og kompetansehevande tiltak. I dette har næraste leiar ei vesentleg rolle for å ta i bruk den strategiske kompetanseplanen vedteke i 2013, legge til rette for samarbeid og støtte i oppgåveutføring.
- Resultat i forhold til standard på arbeidslokale har samanheng med prosessar som er under arbeid, med lokalar som ut frå aktivitet i dag ikkje er tilfredsstillande, men som på sikt vil bli betre. Det er og lokalar der innklimaet, tider av året ikkje blir opplevd som tilfredsstillande.

## 6. Oversikt frå tenesteområda

### 6.1 Staben til administrasjonssjefen

#### 6.1.1 Hovudoppgåver

##### Hovudoppgåver - Oppvekst

- Gje råd i skule- og barnehagesaker.
- Ha tilsyn med at skule og barnehage driv i samsvar med lover og forskrifter.
- Vurdere, analysere og følgje opp resultat.
- Rapportere til kommune, fylkesmann og andre.
- Sakshandsamar i skule- og barnehagesaker.
- Pådrivar i utviklingsarbeid. Initiere og følgje opp.
- Følgje opp styringssignal
- Delta i regionalt samarbeid.
- Representere skuleeigar og barnehageeigar i ulike samanhengar.
- Delta i tverrfagleg samarbeid.

##### Hovudoppgåver - Koordinerande eining

- Koordinerande eining sine hovudoppgåver framkjem av Helse- og omsorgstjenesteloven kap. 7 § 7-3 jf. §§7-1 og 7-2; ansvar for system kring individuell plan, oppnemning, opplæring og oppfylging av kontaktpersonar. Vidare er koordinerande eining delegert ansvar i høve sakshandsaming og tildeling av tenester etter helse- og omsorgstjenesteloven.
- Oppfylging av samhandlingsreforma sine økonomiske verkemiddel; medfinansiering og betaling for utskrivingsklare pasientar i sjukehus. Kontaktpunkt for spesialisthelsetenesta i kommuna; koordinering av pasientflyten inn til den kommunale helse- og omsorgstenesta og innad i den kommunale helse- og omsorgstenesta.

#### 6.1.2 Kommenterar til utviklingstrekk

##### Kommenterar til utviklingstrekk - Oppvekst

- Stort fokus på barn sin trivsel i barnehagen. Kompetanseheving i barneintervju/ barnesamtalar for å få fram barneperspektivet.
- Psykososialt miljø sterkt vektlagt. Kommunal plan for skulen utarbeidd.
- Oppstart på prosjektet «Mattelyst» i skule og barnehage. Toårig i barnehagen. Treårig i skulen.
- Stadig nye tiltak frå sentralt hald for å betre resultat i skulen. Ungdomsskulen i fokus.
- Auka satsing på vidareutdanning for lærarar, fleire plassar er oppretta , billigare for kommunane.
- Arbeidet med felles leseplan held fram. Skal gjelde frå august 2014.

##### Kommenterar til utviklingstrekk – Koordinerande eining

- Auke av utskrivingsklare pasientar i 2013, aukning på 16,4 % frå 2012.
- 37 utskrivingsklare pasientar fekk opphald i institusjon etter utskriving frå spesialisthelsetenesta.
- 39 utskrivingsklare pasientar fekk heimebaserte tenester etter utskriving frå spesialisthelsetenesta.
- Alle pasientar som var varsla innlagde og med behov for bistand etter utskriving vart teke imot same dag som dei vart varsla utskrivingsklare frå spesialisthelsetenesta.

Beste kostnadsestimat for 2013 kommunal medfinansiering (KMF):

A	Kommunens totale innbetalte a kont-beløp i 2013	2.518.000,-
B	Kostandsestimat i 2013 – per 15.01.2014	2.720.828,-
C	Differanse (A-B)	-202.828,-

Endeleg årsavregning for 2013 kjem seinare i 2014. Avvik mellom kostnadsestimat per 15.01.2014 og endeleg årsavregning for 2013 bokførast i rekneskapan for 2014.



### 6.1.3 Utfordringar framover

#### Utfordringar framover - Oppvekst

- Ulikt behov for barnehageplassar frå år til år gjer organisering av barnehagane til ein krevjande prosess.
- Stort krav til juridisk kompetanse, spesielt ift opplæringslova.
- Halde fokus og framdrift på utviklingsarbeid ved sjukdom og permisjonar.
- Samhandling politisk og administrativ skule- og barnehageeigar. (Korleis gjera politikarane til aktive skule- og barnehageeigarar.)
- Implementere satsingsområda.
- Følgje opp staten si satsing på vidareutdanning av lærarar.
- Vurdere kva som på sikt er den beste måten å organisere skulane på.

#### Utfordringar framover – koordinerande eining

- Betre utnytting av interkommunale tilbod og tenester jf. meirforbruk av spesialisthelsetenester i 2013.
- Betre utnytting av institusjonskapasitet i kommuna i høve mottak av utskrivingsklare, korttidspasientar, avlastning og langtidsplassar med det føremål å hjelpe fleire med færre plassar.
- Samstemming av forventningar til den kommunale helse- og omsorgstenesta; kva ynskjer innbyggjarane, kva forventar pårørande, kva forventar spesialisthelsetenesta, kva handlingsrom har politikarane.
- Jurist og rektor ved Høgskulen i Lillehammer Bente Onstad sa fylgjande under sitt innlegg på den 8. nasjonale helseerettsskonferansen: « Samhandlingsreforma og helseforetaksreforma fører til ansvarspulverisering og tvungen oppbygging av 2.linjetjeneste i kommunene». Utsagnet rommar det som kommunane no kjenner på; forventningar om eit tenestetilbod som fagleg langt overgår det som er røynda samt at intendert samhandling og dertil ansvarsplassering ikkje sikrar knirkefri pasientflyt og samanhengande helseteneste for brukarane.

### 6.1.4 Resultatindikatorar for skulane i Lom

KOSTRA-tal basert på førebels rapportering 17. februar 2014	Lom 2011	Lom 2012	Lom 2013	Skjåk 2013	Vågå 2013	Komm- gruppe 2013	Opp- land 2013	Noreg u/Oslo 2013
Netto driftsutgifter til grunnskulesektor per innbygger 6-15 år	109 211	121 427	<b>127 741</b>	126 547	116 192	114 254	108 879	99 086
Netto driftsutgifter til skulelokale, per innbygger 6-15 år	20 090	21 075	<b>21 665</b>	19 623	17 843	18 033	17 575	16 349
Netto driftsutgifter til skuleskyss, per innbygger 6-15 år	4 108	4 371	<b>4 556</b>	6 645	4 190	3 559	3 275	1 974
Netto driftsutgifter til skulefritidsordning, per innbygger 6-9 år	1 606	2 881	<b>3 396</b>	5 031	1 500	3 979	3 357	3 502
Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, prosent	5,3	4,8	<b>5,6</b>	5,4	3,1	10,1	7,7	8,4
Timer spesialundervisning i prosent av antall lærertimer totalt	12,9	14,0	<b>15,2</b>	15,6	11,9	19,3	17,4	17,8
Korrigerte brutto driftsutg. til grunnskulesektor, per elev	105 761	122 637	<b>133 149</b>	128 128	115 389	119 169	115 278	107 044

KOSTRA-tal basert på forebels rapportering 17. februar 2014	Lom 2011	Lom 2012	Lom 2013	Skjåk 2013	Vågå 2013	Komm- gruppe 2013	Opp- land 2013	Noreg u/Oslo 2013
Driftsutgifter til undervisningsmaterieil, per elev i grunnskulen	2 767	2 486	<b>2 941</b>	1 786	1 729	1 719	1 529	1 381
Gjennomsnittlig gruppestorleik, 1. til 4. årstrinn	10,5	10,7	<b>8,9</b>	12,4	13,0	11,3	11,9	13,3
Gjennomsnittlig gruppestorleik, 5. til 7. årstrinn	10,9	10,3	11,0	12,0	12,8	11,4	12,0	12,9
Gjennomsnittlig gruppestorleik, 8. til 10. årstrinn	11,7	11,4	<b>12,3</b>	11,6	13,9	12,8	13,5	14,3
Gjennomsnittlige grunnskulepoeng	39,6	37,4	<b>41,3</b>	38,5	39,8	..	39,6	40,0

#### 6.1.5 Rekneskapsoversikt

Administrativ stab	Budsjett (end) 20133	Rekneskap 2013	Avvik
Lønsutgifter	4 844 273	5 399 062	554 789
Kjøp av varer og tenester	1 742 344	1 989 103	246 759
Kjøp av tenester frå andre	4 672 278	4 744 386	72 108
Overføringar	3 222 600	3 315 848	93 248
Finansutgifter/transaksjonar	0	16 731	16 731
Sum utgifter	14 481 495	15 465 130	983 635
Salsinntekter	-19 000	-298 124	-279 124
Refusjonar	-2 473 320	-2 320 727	152 593
Overføringar	0	-619 441	-619 441
Finansinntekter/transaksjonar	-986 375	-895 377	90 998
Sum inntekter	-3 478 695	-4 133 669	-654 974
<b>T o t a l t</b>	<b>11 002 800</b>	<b>11 331 460</b>	<b>328 660</b>

#### 6.1.6 Kommenterar til avvik

##### Kommenterar til avvik - Koordinerande eining

- Avvik meirforbruk kommunal medfinansiering akkumulerte jamnt gjennom heile 2013, med toppar i høvesvis oktober og november der estimert forbruk vart overskride med nær 100.000 kvar månad.
- Det er utfordrande å analysere data som ligg til grunn for medfinansiering då ei kommune av Lom sin storleik ikkje presenterar store grupper innanfor kvar DRG og desse kan såleis ikkje kjentgjerast grunna personvernrestriksjonar.
- Røynda er meirforbruk av spesialisthelsetenester i 2013, liten tilgang til grunnlagsdata; å kommentere avviket vil vera å spekulere i faktum. Det er langt meir føremålstenleg å fylgje utviklinga over tid og samanstillе denne med tilgjengeleg data frå eigne fagprogram og kjente prioriteringar i åra som kjem.

## 6.2 Støttefunksjonen

### 6.2.1 Hovudoppgåver

Støttefunksjonen skal yte service overfor dei andre resultatområda i kommunen. På denne måten får dei andre resultatområda hatt fokus på sine primæroppgåver. Støttefunksjonen har og oppgåver som er retta mot innbyggjarane i kommunen. Støttefunksjonen har ansvaret for disse oppgåvene:

- Arbeidsgjevarkontrollen (Samarbeidsorgan for Nord-Gudbrandsdalen som utfører bokettersyn av lønnsområde på arbeidsplassar i regionen) Lom kommune

administrerer ordninga. Frå 1. april 2014 blir Vågå kommune, vertskommune for AKNG.

- Biblioteket
- Kulturoppgåver
- Informasjon
- IT/IKT
- Personalavdeling
- Økonomiavdeling
- Servicetorg
- Tilflytting - vertsskap

### 6.2.2 Kommenterarar til utviklingstrekk

- Krav til både ekstern- og intern informasjon er stor.
- Informasjonsplan for kommunen er utarbeidd, men skal evaluerast. Det ligg tiltaksplan til dokumentet som gjev utfordringar med gjennomføring.
- Presset på den kommunale økonomi er stor. Sentrale styremakter signaliserer stramme budsjett.
- Stramme ramer set krav til ytterligare styrking av styringa i kommunen.
- Stor og variert saksmengde set krav til fleksibel organisasjon og kompetanse.
- Ny arbeidsgjevarstrategi vart vedteke i desember 2012. Arbeidet med strategisk kompetanseplan i samband med deltaking i prosjektet Saman om ei betre kommune

fortsett i 2014. Fleire vedtekne tiltak set krav til gjennomføring med same kapasitet.

- Godt besøk og utlån ved Lom folkebibliotek
- Det er stor aktivitet på fjernlån (innlån av bøker m.m. frå andre bibliotek)
- Biblioteket er mykje brukt av tilreisande for oppkopling mot internett
- Det er behov for å satse meir på formidling.
- Tett samarbeid med skulane fortsett.
- Godt samarbeid med dei andre biblioteka i regionen.
- Det blir arbeidd med vidareutvikling av Nasjonalparkbiblioteket.
- Implementering av elektronisk HMS- og kvalitetssystem for heile kommunen er i ferd med å bli gjennomført.

### 6.2.3 Utfordringar framover

- Fortsette utvikling av rapporteringsrutinar
- Implementere produkt/tenestekatalog/oppgåvestyring for Støttefunksjonen, som er ei oversikt, bestillings- og styringssystem av dei oppgåvene Støttefunksjonen yter til dei andre resultatområda.
- Informasjonsplan
- Forsette utviklinga av intranettet.
- Gjennom informasjonsarbeidet, leggje til rette for god omdømebygging av kommunen, samt få synleggjort Lom kommune som arbeidsgjevar.
- Oppretthalde eit høgt nivå på tenester levert av biblioteket.
- Strategisk kompetansestyling, fortsetja dette arbeidet ut frå vedteke plan og arbeidsgjevarstrategi. Arbeidet er eit tre – partssamarbeid.
- Slutføre implementering av elektronisk internkontroll-/kvalitetsstyringssystem for heile kommunen ved å setja gevinstrealisering i fokus. Gevinstrealisering er eit ansvar for den enkelte leiar og deira resultatområde.
- Implementering av e-Handelssystem.
- Kulturoppgåver tildelt Støttefunksjonen hausten 2013.

## 6.2.4 Målekart

Fokus- område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Noreg res. 2012	Lom		
				Res. 2012	Res. 2013	Mål 2013
Brukarar	Opplevd kvalitet	Støttefunksjonen gjev god service ved kontakt	5,1	4,6	5,1	4,9
		Støttefunksjonen er løysingsorientert	4,9	4,5	4,9	*)
		Støttefunksjonen held avtalde fristar	4,9	4,1	4,6	*)
		Støttefunksjonen tydelegger tenestene eg kan få	4,7	4,5	4,7	*)
	Målt kvalitet	Restansar i sak/arkivsystemet	-	9%		15%
		Andel saker handsama innan 14 dagar	-	63%		80%
		Total score i kvalitet på heimesida	59%	**)	75%	92%
		Besøkande på kommunenettstaden pr. veke	-	1 701	1 796	8 000
		Besøkande på Lom.no gjennomsnitt pr. veke	-	121	85	2 000
		Utlån pr. innbyggjar	-	1 i Oppland	1 i Oppland	1 i Oppland
Brukarar biblioteket	Opplevd kvalitet	Kor flinke er dei tilsette til å hjelpe deg?	5,6	5,8	6,0	5,9
		Er det mogleg å påverke lånetilbudet?	4,7	5,4	4,7	5,2
		Korleis er informasjon om nye bøker?	4,5	3,7	5,3	5,2
		Med-arbeidarar	Opplevd kvalitet	Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar?	4,8	4,5
Er du nøgd med standarden på arbeidslokala?	3,9	5,0		4,5	5,0	
Løyser dykk felles arbeidsoppgåver på arbeidsplassen på ein god måte	4,8	5,1		5,0	5,0	
Har du høve til å arbeide sjølvstendig?	5,2	5,1		5,6	5,0	
Målt kvalitet	Sjukefråvær korttid	-	3,6 %	1,6 %	1,7 %	
	Sjukefråvær langtid	-	5,6 %	1,6 %	2,0 %	
Læring og fornying	Opplevd kvalitet	I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet?	4,5	5,1	4,9	4,9
		I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling?	4,2	4,5	4,5	4,9

\*) Mål er ikkje satt da desse er nye indikatorar i 2013.

\*\*\*) Norge.no-undersøkinga for 2012 vart aldri gjennomført fordi undersøkinga vart fløtt frå vår til haust.



## 6.2.5 Rekneskapsversikt

Støttefunksjonen	Budsjett (end) 20133	Rekneskap 20133	Avvik
Lønsutgifter	8 635 843	11 513 513	2 877 670
Kjøp av varer og tenester	1 574 519	1 386 329	-188 190
Kjøp av tenester frå andre	3 786 100	4 454 616	668 516
Overføringar	6 678 250	6 346 408	-331 842
Finansutgifter/transaksjonar	32 531 501	38 274 937	5 743 436
Salsinntekter	-13 474 542	-14 155 283	-680 741
Refusjonar	-13 461 800	-4 363 585	9 098 215
Overføringar	-138 711 000	-146 396 042	-7 685 042
Finansinntekter/transaksjonar	-19 174 249	-17 343 474	1 830 775
<b>Sum støttefunksjonen</b>	<b>-131 615 378</b>	<b>-120 282 582</b>	<b>11 332 796</b>

## 6.2.6 Resultatindikatorar

Finansielle nøkkeltal	Lom			Skjåk 2013	Vågå 2013	Komm.- gruppe 2013	Opp- land 2013	Noreg u/Oslo 2013
	2011	2012	2013					
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	1,9	0,9	1,7	1,0	0,6	2,0	0,7	2,0
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	7,9	6,0	<b>6,3</b>	5,4	2,3	2,5	1,8	2,4
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	163,7	189,6	<b>198,6</b>	213,4	234,6	207,6	196,7	207,5
Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter	36,5	36,9	<b>31,8</b>	48,5	20,7	15,5	25,5	17,0
Frie inntekter i kroner per innbyggjar	48 597	51 837	<b>53 818</b>	53 842	55 415	53 468	48 152	47 407
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar	24 631	41 765	<b>53 421</b>	14 143	73 316	55 668	43 466	53 608

## 6.2.7 Nøkkeltal

	2009	2010	2011	2012	2013
Tenesteleiar - årsverk	1	1	1	1	1
<u>Økonomiavdelinga:</u>					
Talet på årsverk	3,8	3,8	3,8	3,2	2,2
Talet på bilag	11 754	12 079	12 346	12 644	13 477
<u>Sevicerorget:</u>					
Talet på årsverk	3,2	3,2	3,2	3,9	3,9
Talet på journalpostar	5 575	4 900	5 719	8 250	7 052
Søknader om etableringstilskot	12	Opphøyr	-	-	-
Søknader om skjenkeløyve	9	3	12	-	4
Talet på formannskapsmøte	24	17	20	23	21
Talet på kommunestyremøte	9	8	8	7	10
Talet på budsjettutvalsmøte	5	6	7	5	-
Talet på andre utvalsmøte	30	32	87	39	28

	2009	2010	2011	2012	2013
<u>Biblioteket:</u>					
Utlån pr innbyggjar	9,7	9,8	10,0	11,2	10,9
Gjennomsnitt i Oppland	5,0	4,9	5,4	*)	4,9
Besøk pr innbyggjar	8,2	8,0	8,8	9,0	8,3
Gjennomsnitt i Oppland	3,9	3,9	4,2	*)	4,6
<u>Personal:</u>					
Talet på årsverk	1	1	1	1	1
Talet på saker i adm.utvalet	4	3	4	4	1
Talet på saker i tilsettingsutvalet	45	37	45	40	55
Talet på faste tilsettingar	31	12	19	16	18
Talet på avslutta arbeidsforhold	17	23	13	13	17
<u>Arbeidsgjevarkontrollen:</u>					
Talet på årsverk	3	3	3	3	3
<u>Informasjon:</u>					
Talet på årsverk	1	1	1	1	1
Elektroniske skjema på heimesida	35	44	48	42	
Vitjingar på heimesidene, pr. veke	11 071	2 111	4 380	1 822	1 881
Total score frå Norge.no, prosent	88%	92%	89%	**)	75%
Talet på utgåver av Lomsnytt	2	2	1	1	1

\*) Bibliotekstatistikken for 2012 er ikkje klar.

\*\*) Norge.no-undersøkinga vart fløtt frå vår til haust i 2013 sifor vart det ikkje noko resultat i 2012.

#### 6.2.8 Kommenterar til avvik

- Eit avvik på kr 2 900 000 på lønspostar kjem i det vesentlege av avvik på pensjonsutgifter. Utover dette så er lønsutgiftene i samsvar med budsjettet, da ein må sjå refusjons av sjukeløn m.m. opp mot meirforbruk på lønsutgiftene.
- Avvik på posten kjøp av tenester frå andre er, er avvik på regionale datainvesteringar, samt overforbruk i kjøp av juridisk bistand. Større utfordrande prosessar har bidrege til dette.
- Posten finansutgifter/transaksjonar må sjåast saman med posten overføringar. Under posten overføringar er utbetaling for Smådølautbygginga på kr 8 453 000. Denne inntekta er avsett til bunde fond under posten finans- inntekter/utgifter. Elles er det på denne posten avsett kr 2 000 000 mindre til merka disposisjonsfond enn budsjettet. I tillegg er det ca kr 1 000 000 mindre inntekt på momskompensasjon av investeringar. Dette kjem at somme planlagde investeringar ikkje er gjennomført.
- Salsinntekter har eit positivt avvik på kr 700 000. Dette kjem av fleire mindre postar, samt ca kr 300 000 i meirinntekt på sal av konsesjonskraft.
- Under posten refusjonar er det budsjetteknisk ført under Støttefunksjonen sitt budsjett, ei inntekt på kr 9 700 000 for momskompensasjon av investeringar. Rekneskapsmessig ( i denne oppstillinga) kjem inntektene på dei enkelte tenestene i andre sine rekneskap. (Frå 2014 skal momskompensasjon av investeringar forast direkte i investeringsrekneskapen).
- Finansinntekter/transaksjonar har eit avvik på kr 1 800 000. Ca kr 600 000 av dette kjem av mindre avkastning på ansvarleg lån frå AS Eidefoss. Elles har dette og samanheng med berekning av interne renter på investeringsprosjekt og ny avtale med vår bank. Vi hadde ei svært god avtale tidlegare. Lågare marknadsrente og ny avtale har medført noko mindre renteinntekter.

## 6.3 Loar skule

### 6.3.1 Hovudoppgåver

#### Hovudoppgåver Loar skule

- Loar skule skal leggje til rette for læring og utvikling for kvar enkelt elev: tilpassa opplæring i eit inkluderande og motiverande læringsmiljø.
- Loar skule skal vera ein skule med tryggleik, trivsel og omsorg der læring er meningsfylt og samarbeid og inkludering er nøkkelord.
- Framhald i satsing på dei 5 grunnleggjande dugleikane i Kunnskapsløftet/kvalitetssikre læringsmiljøet slik at dette blir ein realitet.
- Skapa eit læringsmiljø som gjer at elevane opplever meistring og tru på seg sjølve.
- Vidareutvikle vurderingsarbeidet: skal føre til auka læringsutbytte for elevane.
- Leggje til rette for godt samarbeid mellom heim og skule.
- Sikre gode overgangsordningar barnehage/skule og barneskule/ungdomsskule.
- Kompetanseheving av personalet.

#### Hovudoppgåver Lom musikk- og kulturskule

- Hovudoppgåver for Lom musikk- og kulturskule er å fremje eit rikare kulturliv i kommunen ved å kunne gje tilbod om opplæring innafor dei aktivitetane som speglar interessene hjå elevane. For å mangfaldig-gjera tilbodet, er ein heller ikkje framand for å freiste å skape interesse for aktivitetar som fram til nå ikkje har vore godt kjende/populære hjå barn og unge.
- Ein vil søkje å utvikle og forløyse kreativiteten hjå kvar enkelt elev, samstundes som ein legg vekt på å fremje forståing av, oppleving av og interesse for ulike kulturaktivitetar.
- Det å få Lom musikk- og kulturskule ut til folk er òg ei viktig oppgåve. Utanom å spegle glede og hygge, vil vi òg på den måten stadfeste posisjonen vår i lokalmiljøet.
- Målet er vidare å skape eit positivt barne- og ungdomsmiljø ved at elevane får høve til å vera med på verdfulle fritidsaktivitetar.
- Lom musikk – og kulturskule har fått ansvaret for UKM:
- UKM (Ungdommens Kulturmonstring) er eit nettverk av småe lokale festivalar der ungdom kan delta med alle slags kulturuttrykk. Kvar kommune sender kvalifiserte ungdomar vidare til ei fylkesmonstring som representantar for si kommune. Kvart fylke sender i neste omgang ca. 30 deltakere til den nasjonale UKM-festivalen
- UKM skal stimulere og synleggjere ungdommens kulturelle aktivitet – lokalt, regionalt og nasjonalt. UKM skal vere eit landsomfattande arrangement – open for all ungdom.

### 6.3.2 Kommenterar til utviklingstrekk

#### Kommenterar til utviklingstrekk Loar skule

- Sørgje for at matematikk blir inkludert i alle fag.
- Større krav til dokumentasjon av elevvurdering og skulevurdering.
- Større behov for individuelle tilpassingar.
- Auka behov for faglærarar på dei største stega.

#### Kommenterar til utviklingstrekk Lom musikk- og kulturskule

31.12.13 hadde Lom musikk- og kulturskule 106 elevar. 38 står på venteliste. Tilstroyminga/søknaden til kulturskulen held seg på eit stabilt nivå. Likevel er det manglande interesse for to av aktivitetane våre, drama og trekkspel. Dette er grunnen til at elevtalet har dala litt dei to siste åra.

### 6.3.3 Utfordringar framover

#### Utfordringar framover Loar skule

- Sørgje for å inkludere matematikk i alle fag.
- Imøtekoma kompetansekrava i Kunnskapsløftet 06 om digital kompetanse med det utstyret vi har i dag.
- Arealet til lagring av utstyr er ei utfordring på skulen.
- Rekruttere mannlege lærarar.
- Redusere talet på spesialundervisning.
- Tilpassa opplæring for alle.

#### Utfordringar framover Lom musikk- og kulturskule

- Det er ynskjeleg med tilgang på fleire rom slik at fleire lærarar kan undervise parallelt. Dette har betydning for vidareutvikling av kulturskulen som institusjon. Vi får eit betre lærarmiljø, enklare å diskutere ting i plenum mot å måtte vente til ein blir kalla inn til lærarmøte. Vi har difor søkt om å få Drengjestugu som lokale.
- Eit kontor som ikkje blir brukt til undervisning slik at lærarane kan bruke data eller kopieringsmaskina (som står i gangen og er eit freistande leika for elevane) utan å måtte forstyrre undervisning til kvarandre.

#### 6.3.4 Målekart

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Noreg	Loar skule			
			resultat 2012	Res 2012	Res 2013	Mål 2013	
Brukarar	Opplevd kvalitet	Sosial trivsel	4,4	4,5	*	4,5	
		Trivsel med lærar	4,1	4,4	*	4,5	
		Mobbing på skulen	1,4	1,3	*	1,2	
		Fagleg rettleiing av lærar	3,4	4,1	*	4,0	
		Tilfreds med dialog heim-skule	4,3	4,6	4,1	4,5	
Målt kvalitet	Målt kvalitet	Nasjonale prøver 5. steg lesing. Prosentdel på meistringsnivå 1 av 3 nivå.	28 %	40 %	21 %	-	
		Nasjonale prøver 5. steg rekning. Prosentdel på meistringsnivå 1 av 3 nivå.	26 %	10 %	29 %	-	
Med-arbeidarar	Opplevd kvalitet	Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar?	4,6	4,5	5,4	4,5	
		Er du nøgd med standarden på arbeidslokala?	4,0	3,1	3,2	3,5	
		Løyer dykk felles arbeidsoppgåver på arbeidsplassen på ein god måte?	4,9	4,3	4,9	4,7	
		Har du høve til å arbeide sjølvstendig?	5,2	4,8	4,9	4,7	
		I kva grad har du tid til å gjera jobben din?	3,9	3,5	3,3	3,8	
	Målt kvalitet	Målt kvalitet	Sjukefråvær korttid		1,9 %	1,9 %	0,5 %
			Sjukefråvær langtid		4,7 %	4,0 %	3,5 %
		Svarprosent medarbeidarundersøking		63 %	76 %	90 %	
Læring og fornying	Opplevd kvalitet	I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet?	4,6	5,0	5,1	4,9	
		I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling?	4,2	4,5	4,5	4,5	

\* Tal frå elevundersøkinga er ikkje publisert, da undersøkinga vart fløtt frå haust til vår.

6.3.5 *Rekneskapsversikt*

<b>Loar skule</b>	<b>Budsjett end. 2013</b>	<b>Rekneskap 2013</b>	<b>Avvik</b>
Lønsutgifter	14 437 900	14 820 936	383 036
Kjøp av varer og tenester	2 608 851	2 259 533	-349 318
Kjøp av tenester frå andre	35 000	16 010	-18 990
Overføringar	230 000	204 686	-25 314
Salsinntekter	-577 440	-516 550	60 890
Refusjonar	-1 225 750	-1 965 463	-739 713
Overføringar	0	-329 177	-329 177
Finansinntekter/transaksjonar	0	-32 700	-32 700
<b>Sum Loar skule</b>	<b>15 508 561</b>	<b>14 457 275</b>	<b>-1 051 286</b>

6.3.6 *Resultatindikatorar*

Resultatindikatorane for skulane i Lom er samla i ein tabell i kapitlet 6.1.4 på side 21.

6.3.7 *Nøkkeltal*

	<b>2009</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>
Elvetal pr. 31.12	160	171	166	164	158
Talet på tilsette lærarar	19	17	17	17	19
Av dei kvinner/menn	16 / 3	15 / 2	16 / 1	16 og 1	18 og 1
Talet på tilsette assistentar	4	5	4	7	6
Lærartettleik	10	11	12,7	11,5	11,1
<b>Musikk- og kulturskulen:</b>					
Talet på elevar/elevplassar	103 / 112	105/120	135/135	109 /109	106 / 106
Talet på lærarar/årsverk	10 / 2,45	9 / 2,46	9 / 2,46	9 / 2,46	9 / 2,35

6.3.8 *Kommentarar til avvik*Økonomi:

- Rekneskapet for 2013 syner eit overskot på ca 1 million. Dette overskotet skuldast meir refusjonar enn budsjettert.

Målekart:

- Langtidsfråværet 2013 er mykje høgare enn målet. Det skuldast fleire langtidssjukemeldingar, spesielt våren 2013.
- Dialog heim-skule frå foreldreundersøkinga ligg 0,4 under mål og 0,2 under landssnittet. Dette er eit arbeid som går kontinuerleg og som vi er avhengige av å ha med foreldre på.
- Dei tilsette er godt tilfreds med korleis vi løysar felles oppgåver, kompetanseutvikling, næraste leiari og høve til å arbeide sjølvstendig.
- Dei tilsette melder om noko dårlegare tid til å gjere arbeidet sitt.
- Kontora våre er tronge og skal huse mange lærarar i tillegg til at klasseromma våre er tronge og pr. i dag har vi for få grupperom.
- Svarprosenten er betre enn i fjor, men fortsatt ikkje alle som har gjennomført den. Dette må bli mål for neste år att.



## 6.4 Garmo oppvekstssenter

### 6.4.1 Hovudoppgåver

Å leggje til rette slik at alle opplever meistring kvar dag, med fortsatt fokus på dei grunnleggjande dugleikane. Vi har fokus på at overgangen frå barnehage til barneskule til ungdomsskule skal vere god. Vi skal arbeide for at læringsmiljøet skal bli enda betre og vi vil ha eit særskilt fokus på det psykososiale læringsmiljøet. Vi vil leggje til rette for eit godt samarbeid mellom heim og skule.

### 6.4.2 Kommenterarar til utviklingstrekk

- God innsøking til barnehagen. Samarbeidet mellom barnehagane i kommunen har auka med m.a. felles årsplan. Fokus på barns trivsel og satsing i matematikk.
- Krava til lærarane si kompetansa aukar. Satsing på matematikkfaget og fokus på rekning i alle fag. Stort fokus på grunnleggjande ferdigheiter.
- Stabil elevtalsutvikling, litt aukande.

### 6.4.3 Utfordringar framover

- Vidareutvikle heimesida vår til å bli ein god informasjonskanal
- Stadig aukande krav til kompetanse utgjør ei utfordring på ein så liten skule med fåe lærarar.
- Å skape eit godt psykososialt miljø der alle elevane kjenner som ein del av felleskapen.
- Bruke matematikk i alle fag og tilretteleggje for matematisk forståing i barnehagen.

## 6.4.4 Målekart

Fokus- område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Noreg	Garmo oppvekstssenter		
			resultat 2012	Res 2012	Res 2013	Mål 2013
Brukar skule	Opplevd kvalitet	Sosial trivsel	4,4	4,6		4,8
		Trivsel lærar	4,1	4,6		4,5
		Fagleg rettleiing av lærar	3,4	3,1		3,5
		Mobbing på skulen	1,4	1,8		1,0
		Tilfreds med dialog heim- skule	4,3	4,0	4,6	6,0
Brukar barnehage	Opplevd kvalitet	Tilfreds med tilgjenge	5,4	5,8	5,7	6,0
		Foreldra sine mogleg- heiter for medinnflytelse	4,5	4,6	4,7	4,5
		Respektfull behandling av barnet	5,3	5,6	5,8	6,0
		Barnehagen sitt bidrag til språkutviklinga til barnet	5,0	5,0	5,4	5,0
		Målt kvalitet	Talet på barn på venteliste		2	0
Med- arbeidarar	Opplevd kvalitet	Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar?	4,6	5,0	5,2	4,9
		Er du nøgd med standarden på arbeidslokala?	4,0	3,7	4,0	3,7
		Løyser dykk felles arbeidsoppgåver på ein god måte?	4,9	4,8	4,6	4,8
		Har du høve til å arbeide sjølvstendig?	5,2	4,7	5,4	5,2
		I kva grad har du tid til å gjera jobben din?	3,9	3,8	3,9	3,9
	Målt kvalitet	Sjukefråvær korttid		2,1 %	6,2 %	2,1 %
		Sjukefråvær langtid		1,7 %	5,0 %	1,7 %
	Svarprosent med- arbeidarundersøking		100 %	100 %	100 %	
Læring og fornyng	Opplevd kvalitet	I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet ditt?	4,6	4,8	5,0	4,6
		I kva grad legg arbeids-gjevar til rette for kompetanseutvikling?	4,2	4,1	4,7	4,2

## 6.4.5 Rekneskapsversikt

Garmo oppvekstssenter	Budsjett end. 2013	Rekneskap 2013	Avvik
Lønsutgifter	5 997 177	6 513 608	516 431
Kjøp av varer og tenester	1 125 502	1 064 607	-60 895
Kjøp av tenester frå andre	0	5 037	5 037
Overføringar	152 000	118 817	-33 183
Salsinntekter	-426 000	-438 802	-12 802
Refusjonar	-235 000	-719 068	-484 068
Finansinntekter/transaksjonar	-215 277	-231 903	-16 626
<b>Sum Garmo oppvekst</b>	<b>6 398 402</b>	<b>6 312 296</b>	<b>-86 106</b>

## 6.4.6 Resultatindikatorar

Resultatindikatorane for skulane i Lom er samla i ein tabell i kapitlet 6.1.4 på side 21.

Resultatindikatorane for barnehagane i Lom er samla i ein tabell i kapitlet 6.6.6 på side 38.

## 6.4.7 Nøkkeltal

	2009	2010	2011	2012	2013
<u>Garmo barnehage:</u>					
Talet på avdelingar	1	1	1	1	1
Talet på årsverk, pedagogar	1,3	1,1	1,1	1,3	1,3
Talet på årsverk, fagarbeidarar	2	2,1	2,8	2,5	2,5
Talet på årsverk, ufaglærte	0,5	0,7	0	0	0
Sum talet på årsverk	3,8	3,9	3,9	3,8	3,8
Talet på barn under 3 år	3	4	4	5	5
Talet på barn over 3 år	13	14	12	10	10
Sum talet på barn	16	18	16	15	16
<u>Garmo skule:</u>					
Elvetal pr. 01.10	33	33	30	29	24
Talet på tilsette lærarar	6	6	6	6	7
Av dei kvinner/menn	4k / 2m	4k / 2m	4k/2m	5k / 1m	6k/1m
Talet på tilsette assistentar	3	3	3	1	1
Lærartettleik	7,4	7,6	7,6	7,1	6,3

## 6.4.8 Kommenterar til avvik

Økonomi

Ingen store avvik

Målekart

- Langtidsfråværet er mykje høgare enn målet for 2013. Dette skuldast fleire lengere sjukmeldingar.
- Vi hadde nok ein vel ambisiøst mål på både dialog heim-skule, respektfull behandling av barnet og tilgjenge, med mål på 6.0. Vi ser at vi ligg over, eller på landsnitt på alle dimensjonane for brukarundersøkinga i barnehagen og for dei fleste på medarbeidarundersøkinga.
- Vi ser at vi skårar litt dårlegare på samarbeid enn i fjor, og dette er noko vi skal ta skikkeleg tak i nå framover.

## 6.5 Lom ungdomsskule

### 6.5.1 Hovudoppgåver

- Kvalitetssikring av læringsmiljøet med særskild vekt på grunnleggjande ferdigheiter i skrivning, lesing og rekning
- Tiltak for å betre elevane sin motivasjon for læring slik at dei kan gjennomføre det 13 årige skuleløpet
- Etter- og vidareutdanning av det pedagogiske personalet i høve til måla i Kunnskapsløftet

### 6.5.2 Kommenterarar til utviklingstrekk

- Skilnaden mellom elevane i møte med skulen er blitt større.
- Større skilnader i oppfølging av elevane frå heimane.
- ”Eit uroleg samfunn” verkar inn på elevane si læring.
- Informasjonsstraumen og tilgjenge til media skaper behov for grensesetting og etiske retningslinjer.
- Krav om dokumentasjon av elev- og skulevurdering.
- Krav til kommunen om eit forsvarleg system for å sikre at krava i opplæringslov og forskrift blir fylgde.
- Elevane mykje mindre fysisk aktive enn før. Svært mange bruker mykje tid på ulike variantar av data.
- Mange elevar fullfører ikkje vidaregåande utdanning.

### 6.5.3 Utfordringar framover

- Legge til rette for tilpassa opplæring. For å få til dette er det viktig med delingstimar
- Fremje ein vurderingskultur ved skulane, der m.a. lærarane ved ”undervegsvurdering” av elevane informerer dei om deira faglege ståstad i høve til kompetansemåla i faget.
- Gjennom m.a. vurderingsarbeidet få elevane i større grad til å ta del i utviklinga av læringsmiljøet.
- Utvikle bruken av IKT i skulane gjennom m.a. læringsplattformen It’s learning slik at skulane kan bli mellom dei fremste i landet i bruk av elektroniske læringsverktøy.
- Bruk av databaserte opplæringsprogram.
- Gjennom rekruttering og etter- og vidareutdanning gjera skulane i stand til å nå måla i Kunnskapsløftet.
- Sikre nok ressursar til skulen for å følge opp krav frå elevar, foreldre og storsamfunn. Her er delingstimar det viktigaste tiltaket.
- Ein del elevar slit med å få gjort lekser derfor tilbyr skulen leksehjelp etter skuletid.
- Mange elevar slit med matematikk. Gjennom mattesatsinga i 6K – Mattelyst - vonar vi at lærarane skal få auka kompetanse til å konkretisere matematikkundervisninga. Det blir og viktig at ein legg vekt på grunnleggjande ferdigheit i rekning i alle fag.
- Lom har eit lite fråfall i den vidaregåande skulen. Skal ein halde fram med dette, så må så mange elevar som mogleg fullføre ungdomsskulen med karakter i alle fag Dette er ressurskrevjande då dette krev stor grad av tilpassing som gjer at ein må ein ha stor lærartettleik.
- Skulen har nokre framandspråklege elevar. Viktig at desse lærar så mykje norsk at dei kan gå vidare i skulesystemet. Det er og vanskeleg å få integrert jentene.

## 6.5.4 Målekart

Fokus- område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Noreg resultat 2012	Lom ungdomsskule		
				Res 2012	Res 2013	Mål 2013
Brukarar	Opplevd kvalitet	Sosial trivsel	4,2	4,3		4,4
		Trivsel med lærarane	3,8	4,1		4,2
		Mobbing på skulen	1,4	1,2		1,2
		Fagleg rettleiing av lærar	3,1	3,8		3,8
		Tilfreds med dialog heim-skule	4,2	4,2		4,3
	Målt kvalitet	Gjennomsnitt grunnskulepoeng	39,9	37,4	41,3	39,0
	Resultat NP lesing 9. klasse, nivå 1 og 2 av 5 nivå	17,9 %	4,4 %	20,8 %	12,0 %	
Resultat NP regning 9. klasse, nivå 1 og 2 av 5 nivå	18,4 %	11,5 %	8,3 %	14,0 %		
Med- arbeidarar	Opplevd kvalitet	Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar?	4,6	5,8	5,7	5,5
		Er du nøgd med standarden på arbeidslokala?	3,9	5,2	5,3	5,2
		I kva grad har du tid til å gjera jobben din?	3,9	4,2	3,8	4,2
	Målt kvalitet	Sjukefråvær korttid		0,5 %	1,3 %	2,0 %
	Sjukefråvær langtid		1,9 %	2,1 %	3,0 %	
	Svarprosent medarbeidarundersøking		95 %	68 %	85 %	
Læring og fornyng	Opplevd kvalitet	I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet ditt?	4,3	5,3	5,5	5,3
		I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling?	4,1	5,1	5,3	5,1

## 6.5.5 Rekneskapsversikt

Lom ungdomsskule	Budsjett end. 2013	Rekneskap 2013	Avvik
Lønsutgifter	9 947 775	9 954 148	6 373
Kjøp av varer og tenester	2 461 263	1 936 302	-524 961
Kjøp av tenester frå andre	70 000	77 910	7 910
Overføringar	361 400	305 681	-55 719
Salsinntekter	-175 000	-373 753	-198 753
Refusjonar	-774 400	-902 602	-128 202
Overføringar	-900 000	-1 308 900	-408 900
Finansinntekter/transaksjonar	-90 900	-113 273	-22 373
<b>Sum Lom ungdomsskule</b>	<b>10 900 138</b>	<b>9 575 512</b>	<b>-1 324 626</b>



*6.5.6 Resultatindikatorar*

Resultatindikatorane for skulane i Lom er samla i ein tabell i kapitlet 6.1.4 på side 21.

*6.5.7 Nøkkeltal*

	2009/10	2010/11	2011/12	2012/13	2013/14
<u>Lom ungdomsskule:</u>					
Elvetal pr. 01.10	105	97	86	76	88
Talet på tilsette lærarar	18	16	16	17	16
Av dei kvinner/menn	11 / 7	11 / 5	11 / 5	12 / 5	11 / 5
Talet på tilsette assistentar	2	4	2	2	2
Lærartettleik	12,2	12,4	12,4	11,4	12,3
<u>Vaksenopplæringa:</u>					
Talet på elevar/elevplassar		16	26	25	23
Talet på lærarårsverk	1,20	1,0	1,5	2,0	1,3

*6.5.8 Kommenterar til avvik*

Det er liten skilnad på mål og resultat for utvalde måletal. Med så små grupper vi har, så vil det fort bli ein del variasjon på måletala for nasjonale prøver og grunnskulepoeng. Lærarane gjev uttrykk for at dei har mindre tid til å gjere jobben sin enn tidlegare. Rekneskapan viser at ungdomsskulen har eit overskot på om lag ein million kroner(10%). Dette skuldast først og fremst lågare lønsutgifter på grunn av pålagde nedskjeringar og at rektor har pensjonistløn. Skulen har og fått større refusjonsinntekter enn budsjettet.

## 6.6 Loar barnehage

### 6.6.1 Hovudoppgåver

#### Barnehagen sitt samfunnsmandat:

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.»

#### Barnehagen sitt verdigrunnlag:

«Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og natur, åndsfrihet, nestekjærighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.» Barnehageloven § 1.

I tillegg skal barnehagen følgje dei retningslinjer som Rammeplan for barnehagen gjev.

### 6.6.2 Kommenterar til utviklingstrekk

- Store variasjonar i barnetal og etterspurnad etter barnehageplassar frå år til år.
- Stadig fleire små barn; ikkje plass til alle på småbarnsavdelingane.
- Få barn har 2 og 3 dagarstilbod.
- Barna har dagleg lengere opphaldstid.
- Mange ynskjer plass i løpet av barnehageåret.
- Fokus på barns trivsel. (Ny rettleiar frå Utdanningsdirektoratet og satsing frå Fylkesmannen)
- Satsing på matematikk i barnehagen i heile Nordalen i samarbeid med Matematikksenteret.

### 6.6.3 Utfordringar framover

- Store variasjonar i barnetal og etterspurnad etter plassar, gjer det utfordrande å planleggje organisering av barnehagetilbodet.
- At mange ynskjer plass i løpet av barnehageåret., gjer det vanskeleg å planleggje ressursbruk og fordeling av plassar.
- Leggje til rette for stadig fleire småbarn: Det er ikkje plass til alle på småbarnsavdelingane, noko som skaper utfordringar spesielt i høve plass til stell og soving.
- Få fram barna sin oppleving av eigen trivsel i barnehagen:
- Meir systematisk observasjon, bruke barnesamtaler og praksisforteljingar.
- I større grad leggje til rette for allsidige aktivitetar og utfordringar tilpassa barna sine interesser og nivå for å auka trivselen til barna. Undersøkingar viser at særleg gutane saknar dette.
- Møte stadig auka krav om læring, og på same tid ivareta leiken og barn sin trivsel.

### 6.6.4 Målekart

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Noreg	Loar barnehage		
			resultat 2012	Res 2012	Res 2013	Mål 2013
Brukarar	Opplevd kvalitet	Tilfreds med tilgjenge	5,4	5,7	5,5	5,5
		Foreldra sine moglegheiter for medverknad over barnehagetilbodet	4,5	5,2	5,0	4,6
		Respektfull behandling av barnet	5,3	5,6	5,6	5,5
		Barnehagens bidrag til språkutviklinga	5,0	5,2	5,3	5,3
Målt kvalitet		Talet på barn på venteliste		0	0	0

Fokus- område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Noreg	Loar barnehage		
			resultat 2012	Res 2012	Res 2013	Mål 2013
Med- arbeidarar	Opplevd kvalitet	Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar?	4,8	4,7	4,4	4,5
		Er du nøgd med standarden på arbeidslokala?	4,0	4,3	4,1	4,0
		Løyser dykk felles arbeidsoppgåver på arbeidsplassen på ein god måte?	4,9	4,3	4,6	4,5
		Har du høve til å arbeide sjølvstendig?	5,2	4,8	4,9	4,8
		Samarbeid/trivsel med kolleger	5,1	4,5	4,8	5,0
		Stoltheit over eigen arbeidsplass	4,7	4,9	5,1	4,8
	Målt kvalitet	Sjukefråvær korttid			3,1%	
	Sjukefråvær langtid			2,2%		
	Svarprosent medarbeidarundersøking		67 %	75 %	100 %	
Læring og fornyng	Opplevd kvalitet	Fagleg og personleg utvikling	4,4	4,6	4,8	4,3
		I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet?	4,6	4,7	4,8	4,5
		I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling?	4,2	4,6	4,9	4,1

### 6.6.5 Rekneskapsoversikt

Loar barnehage	Budsjett end. 2013	Rekneskap 2013	Avvik
Lønsutgifter	10 399 400	10 242 584	-156 816
Kjøp av varer og tenester	1 553 420	1 139 565	-413 855
Kjøp av tenester frå andre	0	5 248	5 248
Overføringar	101 100	147 561	46 461
Salsinntekter	-1 810 700	-1 658 067	152 633
Refusjonar	-621 100	-720 501	-99 401
<b>Sum grp. Ansvar: 03 barnehage</b>	<b>9 622 120</b>	<b>9 156 390</b>	<b>-465 730</b>

## 6.6.6 Resultatindikatorar for barnehagane i Lom

Førebels Kostra-tal rapportert 17. februar 2014	Lom			Skjåk 2013	Vågå 2013	Opp- land 2013	Komm- gruppe 2013	Noreg u/Oslo 2013
	2011	2012	2013					
Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i kroner, barnehager	112 462	127 227	<b>120 683</b>	139 764	101 295	116 183	117 296	119 018
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	85,6	87,6	<b>83,2</b>	85,4	88,0	90,0	91,2	90,8
Andel barn 0-5 år med barnehageplass	73,0	75,9	<b>65,9</b>	68,5	76,9	76,8	78,1	77,4
Korr. brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	156 371	174 529	<b>170 847</b>	192 274	142 862	162 825	160 445	163 939
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale barnehager per korrigert oppholdstime	64	67	<b>69</b>	70	56	56	58	55
Andel ansatte med førskulelærerutdanning	34,3	40,5	<b>41,2</b>	44,4	39,0	32,1	34,0	34,1
Andel ansatte med anna pedagogisk utdanning	5,7	2,7	<b>2,9</b>	-	-	3,0	4,0	3,4
Andel assistentar med førskulelærerutd, fagutd, eller anna pedagogisk utdanning	88,9	90,9	<b>100,0</b>	46,7	55,2	39,7	38,4	30,2

## 6.6.7 Nøkkeltal

	2009	2010	2011	2012	2013
<u>Loar barnehage:</u>					
Talet på avdelingar	5	5	5	5	5
Talet på årsverk, pedagogar	6	6,2	5,8	6	6
Talet på årsverk, fagarbeidarar	10,8	8,2	8,8	12,4	8,6
Talet på årsverk, uflaglærte	0,8	0,8	0,8		
Talet på årsverk, spesialpedagogar	0,5	0,5	0,75	0,6	0,6
Sum talet på årsverk	18,1	15,7	16,15	19	15,2
Talet på barn under 3 år	15	16	17	22	16
Talet på barn over 3 år	65	51	47	40	45
Sum talet på barn	80	67	64	62	61
<u>Odda barnehage: *)</u>					
Talet på avdelingar	1	1	1	1	1
Talet på årsverk, pedagogar	1	1	0,75	1	1
Talet på årsverk, faglærte	0,93	1,43	0,7	1,4	0,93
Sum talet på årsverk	1,93	2,43	1,45		1,93
Talet på barn under 3 år	2	4	4	2	1
Talet på barn over 3 år	5	5	5	6	7
Sum talet på barn	7	9	9	8	8

## 6.6.8 Kommenterar til avvik

Ingen store avvik.

## 6.7 Miljø, teknisk, næring

### 6.7.1 Hovudoppgåver

Tenesteområdet har ansvar for planarbeid, miljø- og naturforvaltning, næringsutvikling, landbruksforvaltning, tekniske tenester innan veg, vatn, avlaup og renovasjon, vaktmeisterteneste, reinhald, byggesakshandsaming, kart- og geodataforvaltning, generell beredskap og førebygging mot naturskade og ulykker. I 2013 har det i tillegg vore arbeidd med prosjekta «Inn på tune», Lom nasjonalparklandsby gjennom «Naturarven som verdiskapar» og etterarbeid etter prosjektet «Liv i Lom».

### 6.7.2 Kommenterar til utviklingstrekk

- Liten stabilitet på leiarfunksjon ved tenesteområdet over fleire år. Leiaroppgåvene har i perioder vorte delt mellom Terje Hoel og Sander Sælthun.
- Ola Helstad (administrasjonssjef) har hatt rolla som leiar av tenesteområde i perioden frå januar 2013. Øyvind Sødal har vore konstituert kommunalsjef for tenesteområdet frå 1. oktober, som gjeld fram til 1.oktober 2014.
- Åshild Myhre Amundsen vart fast tilsett som næringssjef og landsbykoordinator frå juli 2013.
- Egil Olav Nyrnes har vore tilsett som landsbyvakt frå mai-september (timesbasert), og Anne Marstein har vore tilsett på prosjektet Lom nasjonalparklandsby i perioden mai-juli i 20 % stilling.
- Kristine Sørli er engasjert i 20 % stilling for å følgje opp lovsaker etter jord-og konsesjonslova i ledig stillingsressurs ved landbruk, som følgje av jordbrukspermisjon.
- Magnhild Heidi Olsen har arbeidd to månadsverk hausten 2013 med ansvar for innføring av regionalt miljøtilskot (RMP).
- Landbruket i Lom er i endring og talet på mjølkeprodusentar går ned. Fleire unge tek over landbrukseigedommar og satsar på vidare landbruksdrift eller ny drift på garden. Det er interesse for investeringar og søknad om støtte via BU-ordninga.
- Søknader om SMIL-midlar held seg på eit jamt høgt nivå.
- Arbeidet med prosjektet «Inn på tune» har starta i 2013. Prosjektet vidareførast i 2014-15. Det er etablert avtale mellom gardbrukarar og kommunale etatar.
- Aktiv dialog med næringslivet gjennom m.a. opne arrangement, besøksrunde m/ politisk leiing og elektronisk.
- Fokus på Ungt Entreprenørskap med besøk hos Garmo, Loar og Lom ungdomsskule.
- Gjennomført tiltaksplan gjennom Lom nasjonalparklandsby, med m.a. fire kurs for reiseliv / handel med over 100 deltakarar.
- Totalt sett mange som tek kontakt for å få etableringsrådgjeving og bistand.
- Energi- og klimaplan for Lom vart vedteke juni 2010, i perioden etter vedtak har det ikkje vore sett av ressursar til gjennomføring av tiltaka i planen.
- Konkurransen for levering av varme frå bioeneganlegg er utført i 2013 og det er klargjort tomt for bygging. Planlagt start av anlegget er oktober 2014.
- Det har vore arbeidd med reguleringsplan for Ulstad bustadområde og regulering av mindre bustadfelt i Ner-Eggje.
- Forslag til kommunedelplan for avløp vart sendt på offentleg ettersyn, og handlingsplanar for kommunale avløpsanlegg og private avløpsanlegg vart revidert for perioden 2014-2017.
- Omfanget av kart og oppmålingsarbeid er omkring same nivå som føregåande år. Det vart inngått vertskommuneavtale for regionalt geodatasamarbeid i Nord-Gudbrandsdalen for å ivareta og utvikle kompetanse innan kart- og geodatafaget. Lom kommune er ein tydeleg bidragsytar inn i samarbeidet.



### 6.7.3 Utfordringar framover

- Tenesteområdet har fleire fagområde med behov for kompetansearbeidskraft. Oppgåvetilfanget er også på mange område større enn det dei tilsette har moglegheit til å ta unna. For å oppretthalde gode tenestetilbod og utøving av forvaltningsmynde, er det ei utfordring og organisere og prioritere personalressursane og å rekruttere og behalde kompetanse.
- Funksjon som tenesteleiar MTN har vore heilt og delvis i vakanse over lengre tid.
- Ei utfordring å jobbe i eit langsiktig perspektiv med næringsutvikling utan operativ næringsplan.
- Sårbart med eit lite fagmiljø og eit breitt spekter av oppgåver.
- Elektronisk søknadshandsaming på landbrukssida blir kontinuerleg utvida, og fører med seg ny kompetanse på søkjar og sakshandsamarsida.
- Landbrukskontoret er sårbart ift. frávær, kompetanse og hastevedtak ved rovdyrskade.
- Etter kartlegging av område med skredfare i kommunen er det behov for gjennomføring av sikringstiltak i skredutsette område. Utsikter til klimaendringar og forsterka krav i lovverk gjer at tenesteeininga må setja enda sterkare fokus på dette framover.
- Det er høgt fokus på planarbeid og det vil være utfordrande å finne ressursar og bemanning til å sikre framdrift i arbeidet med revisjon av kommunens overordna planverk og arealplanar.
- Aktsemds- og faresonekart om naturfare vil gje føringar som må innarbeidast i overordna arealplanar.
- Kommunedelplan Fossbergom er under arbeid, og samla arealdel for resten av kommunen krev revisjon. Ressurssituasjonen har ført til at revisjonsarbeidet er utsett til 2014-15.
- Oppfølging og ferdig vedtak av kommunedelplan for avløp, saman med gjennomføring av store utbyggingsprosjekt som reovering av reinseanlegga i Garmo og på Leirmo skal gjennomførast i kommunal regi dei næraste åra med medverknad frå tenesteeininga. Det vil vere utfordrande å gjennomføre dette arbeidet ved sidan av dei ordinære drifts- og forvaltningsoppgåvene.
- Auka bygningsmasse og vedlikehaldsbehov, skapar utfordringar for vaktmeistertenesta og reinhaldspersonalet.
- Det er store forventningar knytt til etablering av regionalt geodatasamarbeid. Tenesteområdet må søkje å finne rett nivå ift. forventningar her og til forvaltningsoppgåvene innan kart- og oppmålingsarbeid lokalt.

### 6.7.4 Målekart

Fokus- område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Noreg Miljø, teknisk, næring			
			res. 2012	Res. 2012	Res. 2013	Mål 2013
Brukarar	Opplevd kvalitet	Resultat for brukarane, byggjesak		5,2	4,8	5,0
		Generell oppleving av kvalitet, byggjesak		5,3	4,9	5,0
		Resultat for brukarane, vasskvalitetet og vasstrykk		5,6	5,5	5,0
		Resultat for brukarane, funksjon på avlaupssystemet		5,5	5,2	5,0
		Resultat for brukarane, vatn og avlaup, tillit og respekt		5,5	5,3	5,0
		Resultat for brukarane, vatn og avlaup, service og tilgjenge		5,4	5,0	4,5
		Resultat for brukarane, vatn og avlaup, informasjon		4,8	5,0	4,5
		Renhaldstenesta leverer tjenester av god kvalitet				5,0
		Renhaldstenesta tydeleggjer kva for tenester eg kan få				4,0

Fokus- område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Noreg	Miljø, teknisk, næring			
			res. 2012	Res. 2012	Res. 2013	Mål 2013	
Brukarar	Opplevd kvalitet	Vaktmestertenesta leverer tenester av god kvalitet				5,0	
		Vaktmestertenesta tydeleggjer kva for tenester eg kan få				4,0	
	Målt kvalitet	Andel vassprøver som tilfredsstiller krav i forskrift	100 %	100 %	100 %		
		Andel avlaupsprøver som tilfredsstiller krav i forskrift	100 %	100 %	100 %		
	Avklaring av forventning	Andel tenestestader med serviceerklæring		10 %	15 %	10 %	
Ressurs- styring	Prioritering	Sjølvkostrekneskap vatn, dekningsgrad	100 %	100 %	100 %		
		Sjølvkostrekneskap avlaup, dekningsgrad	100 %	100 %	100 %		
		Sjølvkostrekneskap renovasjon, dekningsgrad	100 %	100 %	100 %		
		Sjølvkostrekneskap feiing, dekningsgrad	100 %	100 %	100 %		
Med- arbeidarar	Opplevd kvalitet	Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar?	4,7	4,6	4,5		
		Er du nøgd med standarden på arbeidslokala	3,5	4,4	5,0		
		Løyser dykk felles arbeids- oppgåver på ein god måte?	5,0	5,2	5,2		
		Har du høve til å arbeide sjølv- tendig?	5,3	5,2	5,2		
		I kva for grad tru du at arbeids- plassen har eit godt omdøme blant innbyggjarane i kommunen	4,2	4,4	4,5		
	Målt kvalitet	Sjukefråvær korttid	2,4 %	3,1 %	3,0 %		
		Sjukefråvær langtid	2,6 %	3,0 %	3,0 %		
		Svarprosent medarbeidar- undersøking	55 %	50 %	70 %		
		Andel gjennomførte med- arbeidarsamtalar	95 %	70 %	100 %		
Læring og fornyng	Opplevd kvalitet	I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet ditt?	5,0	4,6	4,8		
		I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling?	4,3	4,1	4,5		
	Målt kvalitet	Gjennomførte kompetansetiltak i høve overordna kompetanse- plan	100 %	100 %	100 %		

6.7.5 *Rekneskapsoversikt*

<b>Miljø, teknisk, næring</b>	<b>Budsjett end. 2013</b>	<b>Rekneskap 2013</b>	<b>Avvik</b>
Lønsutgifter	14 871 674	16 158 935	1 287 261
Kjøp av varer og tenester	8 718 064	11 712 791	2 994 727
Kjøp av tenester frå andre	6 741 192	7 016 624	275 432
Overføringer	2 574 869	3 412 445	837 576
Finansutgifter/transaksjonar	15 625	1 089 765	1 074 140
Salsinntekter	-11 309 000	-15 543 424	-4 234 424
Refusjonar	-6 272 650	-7 877 677	-1 605 028
Overføringer	-548 862	-918 292	-369 430
Finansinntekter/transaksjonar	-6 352 586	-5 177 513	1 175 073
<b>Sum MTN</b>	<b>8 438 327</b>	<b>9 873 653</b>	<b>1 435 326</b>

6.7.6 *Resultatindikatorar*

